


Styringsgruppa har delt saka i to delar som dei jobbar vidare med:

1. Framdriftsplan for utbyggings- og ombyggingsbehova innan skule og barnehage.
2. Plan for utbygging med prioritering innan helse og omsorg

#### **1. Administrativ framdriftsplan for utbyggings- og ombyggingsbehova innan skule og barnehage 2018.**

- Det blir nødvendig med umiddelbar oppstart av arbeidet for samanslåing av Ulsåk og Tuv skular med Hemsedal barne- og ungdomsskule, pedagogisk og administrativt.
- Plan for overføring – «Frå tre til ein» med personal og fagleg OU-prosess.
- Utarbeide rom- og funksjonsanalyse for «Hemsedal skule», areal- og rombehovet inne og leikearealet ute ved sentralisering av 1.-4. trinn med SFO. Det må på eit tidleg tidspunkt vurderast når ein bør bygge ny gymsal, samt legge plan for utbygging av trinn II (møte elevveksten for 5-10. trinn fram mot 2030-2040).
- Utarbeide rom- og funksjonsanalyse for å sikre gode romløysingar til personalet, administrasjonen samt korleis ein kan løyse arealbehovet som sikrar godt samarbeid mellom oppvekst og helse og omsorg.

Når Ulsåk skule flytter over til ny sentralskule startar ombygginga til barnehagedrift.

- Utarbeide rom- og funksjonsplan for ny Ulsåk barnehage. Areal- og rombehovet inne og leikearealet ute.
- Ein må sikre gode romløysingar til personalet, administrasjonen og naturleg samarbeidspartar.

#### **Backup-løysingar innan skule og barnehage:**

Kvart år må det vurderast om arealet ein har tilgjengeleg er nok. Det kan verta behov for å finne fleire midlertidige løysingar. Det er leigd eit brakkebygg til kontor med grupperom i barnehagen på Ulsåk.

Kapasiteten på Ulsåk skule er i dag utnytta maksimalt gjennom sambruk med barnehagen. Ein må finne betre løysingar for stabilt nettverk på begge oppvekstsentrana.

## 2. Plan for utbygging med prioritering innan helse og omsorg

Det er behov og i nær framtid vil det bli behov for meir areal/ funksjonelt areal som er tilpassa framtida sine behov og krav. Fleire oppgåver blir overført til kommunen. Det blir og sannsynlegvis stilt nye krav til kompetanse og profesjonar innan 2020. For å få til ein enno betre samhandling og koordinering er det vurdert at helse og omsorgstenestene bør vere samlokalisert og plassert i nærliken av kvarandre. Fleire einingar er i dag splitta med kontor på helsecenter, kommunehus og Bygdaheimen. Legekontoret er under ombygging i 2017, og det er blitt leigt inn brakke som ei mellombels løysing for å dekke prehospitalte tenester sine behov.

Det blir fleire eldre i Hemsedal kommune dei komande åra. Pasientar blir skrive ut tidlegare frå sjukehus, det blir fleire som har behov for kortids-, rehabiliterings avlastnings- og tryggingssopphald. Det er lovfesta rett til sjukeheimplass og det er vedteke ei lokal forskrift. I åra framover må ein rekne med at tenesteytinga går frå institusjon over til heimebasert teneste. Det blir fleire heimebuande med samansette, komplekse og kroniske lidinger. Dette vil krevje tett koordinering av tenestetilbod, krav til kompetanse og tilrettelegging av bustad/omsorgsbustader. Det kjem og fram av St. meld 26 at talet på personar med demens vil auke. «En av de største utfordringane helse- og omsorgstenestene står overfor som følgje av auka levealder og endra alderssamsetning er talet på personer med demens blir fordobra i løpet av 35 år.»

Framskrive folkemengd, alder > 67 år, statistikkvariabel (MMMM), Hemsedal (statistikk frå SSB):

	2016	2020	2025	2030	2035	2040
67-79 år	218	232	263	272	351	448
80-89 år	77	87	92	118	137	148
90 år og eldre	19	20	20	25	29	39

Det blir brukt som ein tommelfingerregel at ca 28 % av befolkning over 80 år har behov for sjukeheimspllass/ omsorgsbustad med heildøgns omsorg. Ut frå tal på eldre er behovet i år 2016 ca 27 plassar medan det i år 2040 vil vere eit behov for 52 plassar. I dag har vi totalt 28 plassar som tilfredstiller krav til sjukeheimspllass/ omsorgsbustad.

Det er og behov for behov for å gjere bygnadsmessige endringar for å betre tilhøve for personalet på Bråtenjordet. I løpet av 3-4 år vil det sannsynlegvis vere behov for fleire leilegheiter til målgruppa.

Det skjer ei endring i ordning med i Husbanken sitt investeringstilskott til omsorgsbustad og sjukeheim. Frå 2018 vil kommunane sin moglegheit for å modernisere og rehabilitere eksisterande bygnadsmasse bli redusert. Frå 2021 er det krav om netto tilvekst for å få tildelt tilskott.

I fleire vedtak har Hemsedal eldreråd har peika på at det må leggjast til rette for sentrumsnære bustader/leilegheiter for eldre. Talet på senior/eldrebustader kan ha betydning på etterspurnad på omsorgsbustader.

### Arbeidsmål:

- Avklare framtidig plassering av dei ulike tenestene innan helse og omsorg med fokus på samlokalisering, tverrfagleg samarbeid og arealeffektivitet
- Avklare utbyggingstakt av omsorgsbustader/ sjukeheimspllass i høve til behov og økonomisk bereevne
- Utarbeide rom og funksjonsanalyse for dei ulike bygg/behov

## 5.2 Eigedomsskatt – naudsynt grep for framtidig finansiering av kapitalkostnadar

**Ein konsekvens av kommunen sine ambisjonar for vekst er store investeringar i kommunal infrastruktur, innføring av ny skulestruktur og nødvendige OU-prosesser i eigen organisasjonar, berre for å nemne noko.** Det er lite som tyder på at kommunen vil få noko økonomisk drahjelp frå sentralt hald i framtidige statsbudsjett. Fylkesmannen forventar at kommunen sjølv gjer seg nytte av dei moglegheitene kommunen sjølv har til å auke inntektsramma.

Med den vekst Hemsedal kommune opplever og med dei tiltak kommunen må setje i verk for å halde opp tenestetilbodet, meiner rådmann at kommunen må utvide eigedomsskatten til og å gjelde generell eigedomsskatt i heile kommunen. Eigedomsskatt er ein communal skatt som kan skrivast ut med heimel i lov om eigedomsskatt. Det er den einaste skatten som kommunen sjølv har styring med, og der skatteinntektene i heilskap går til kommunen. Etter loven er det kommunestyret som avgjer om det skal skrivas ut eigedomsskatt i kommunen.

Hemsedal kommune **har i dag** eigedomsskatt på «verker og bruk». Eigedomsskatten utgjer ca. kr. 5-10 mill pr år. Hemsedal kommune skal i 2018 ha alminneleg taksering på «verk og bruk» med verknad frå 2019. Dette gjeld ikkje for kraftanlegg, men andre «verk og bruk» i kommunen. Hemsedal kommune har i dag i underkant av 20 objekt som skal takserast, og det er vanskeleg på førehand å rekne på kva kostandene på taksering vil bli. Det er sakkyndigmnd som skal peike ut objekta for taksering, og kor mange som skal takserast etter retningslinene som ligg føre. Vidare er det stor variasjon mellom objekta i storleik. Einskilde objekt vil krevje ein meir omfattande takseringsprosess. Administrasjonen har fått opplyst at ein må rekne med ein kostnad på om lag kr 6.000,- pr objekt til taksering. Med omlag 20 objekt med takseringskostnad på kr 6.000,- er det innarbeida kr 120.000,- til alminneleg taksering. To av objekta som skal ha alminnelig taksering er kraftlinene til Statnett. Statnett har klaga på taksten for 2017 og kommunen har starta handsaming av klagesaka. Statnett har hatt sak i Högsterett, som nå har fått rettskraftig dom, og kommunen jobbar med handsaming av klagen i tråd med denne dommen. Taksering av Statnett sine objekt vert taksert nov-des. 2017.

Erfaring frå andre kommunar, som har **utvida eigedomsskatten** seier at arbeidet med taksering vil ta omrent 2 år frå vedtak er fatta til eigedomsskatt kan skrivast ut. Kommunen har ansvar for takseringsarbeidet, og det er estimert ein kostnad på ca. kr. 2.500.000,- for takseringsarbeidet.

### Kostnadselementa er i hovudsak:

- Etablering av eigedomsskattekontor med tilfredsstillande kapasitet og kompetanse. Som eigedomsskattekontor kan rådmannen velje å opprette eit «eige» kontor, eller å legge funksjonen til eit allereie eksisterande kontor. I medhald av § 14 i lov om eigedomsskatt er det eigedomsskattekontoret som skriv ut eigedomsskatt, ikkje rådmannen. Eigedomsskattekontoret skal føre eigne eigedomsskattelister der alle skattlagde faste eigedommar i kommunen vert ført opp med fastsett verdi, jf. Loven si § 15. Desse listene skal ut til offentlig gjennomsyn i minst 3 veker etter kunngjering. Eigedomsskattekontoret vil vere saksbehandlar både for sakkyndig nemnd og klagenemnda. Kontoret vil ha ansvar for informasjon ut til kommunen sine innbyggjarar og eigarar av fritidsbustader og vere den som til ein kvar tid må vere mottakar av spørsmål om eigedomsskatt. Rådmann legg til grunn eit ressursbehov på rundt 50 % stilling på konsulent/rådgjernivå.

- Innkjøp av dataverktøy som forenklar kommunen sitt arbeid i samband med taksering og utskriving. Dataverktøy må kommunisere med andre program. (matrikkelen, kart, eigedomsinformasjon og areal) Synfaringsmenn må ha tilgang til nettrett som gir nødvendige opplysningar om eigedommen når dei er ute på synfaring. Nettrettet skal også kunne ta bilet av eigedommane.
- Prosesskonsulenter som rettleiar kommunen i prosess og framgangsmåte.
- Oppdatering av Matrikkelen. Dette må gjerast før ein sett i gang taksering av eigedommane, og vil omfatte alle objekt i basen. Dette arbeidet vert anslått til 25 veker i heil stilling.
- Sakkyndig nemnd må ha fleire møter for å legge til rette for taksen. Nemndmedlemmane må få dekka tapt arbeidsforteneste, i tillegg utbetalt møtegodtgjersle.
- Ressursar i form av tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til klagenemnda.
- Nemnd, befaringsmenn-/kvinner og eigedomsskattekontoret supplert med ressurspersoner i administrasjonen, må tilførast tilstrekkelig kompetanse både for forhold til roller, eigedomsskatteloven, arbeidsoppgåver og dataverktøy.

I følgje eigedomsskattelova § 8A-2 er det omsetningsverdet som skal utgjere skattegrunnlaget. Det er den objektive marknadsverdet som skal leggjast til grunn for utskriving av eigedomsskatt. Det følgjer vidare av eigedomsskattelova § 8 A-3 at hovudregelen for verdisetting er ved takst. Hovudreglene i eigedomsskattelova er at taksering skal skje av ein communal takstnemnd, eller sakkyndig takstnemnd. Hemsedal kommunestyre har valt å nytte modellen med sakkyndig nemnd og ei klagenemnd for eigedomsskatt. Synfaring skjer da ved engasjerte synfaringsmenn. Sakkyndig nemnd bruker grunnlaget frå synfaringsmenna ved fastsettjing. Sakkyndig nemnd gjer ikkje synfaringa av eigedomen sjølv.

Det er viktig å merke seg at sakkyndig nemnd si rolle er å kome fram til rett takst. Kommunestyre si rolle er å fastsetje nivået på skatten, samt å fastsetje botnfrådraget og eventuell soneinndeling. Verker og bruk har i dag ein sats på 7 promille, det same vil gjelde for anna næringseigedom. Desse satsane skal vere dei same. For andre objekt; hytter, bustad og liknande skal det setjast ein sats på 2 promille ved innføring av generell eigedomsskatt.

**I tabellen under er talet på objekt henta frå Hemsedal sin matrikkel, gjennomsnittleg tal for skattlegging er henta frå Hol kommune. Hol kommune starta på 2 promille. Med tanke på forslaget frå Regjeringa i Statsbudsjettet kan et vere at Hemsedal kommune må starte på 1 promille. Det vil gjere at desse tala endrar seg, kor mykje veit kommunen ikkje.**

Einingar registrert som (etter matrikkelsøk):	Tal på einingar i Hemsedal:	Gjennomsnitt eigedomsskatt: Tall basert på Hol	Estimert inntekt til kommunen:
Bustad	1607	2700	4.338.900,-
Fritidsbustad	3390	3000	10.170.000,

SUM: 14.508.900,-

Her er ikkje anna næring medrekna, men vi har i følgje matrikkelen ca 590 objekt. Dette er butikkar, restaurantar og liknande. Desse er av ulik storleik og det vil vere vanskelig å rekne på kva dette vil utgjere. Men det viktige er at det kommer i tillegg til den summen i tabellen.


Hemsedal kommune må også vere klar over den føreslått endringa i Statsbudsjettet vedrørande å fjerne takseringsbegrepet «verk og bruk». Om dette vert vedteken må kommunen anten vedta eigedomsskatt på all næring, eller avstå frå delar av eigedomsskatten som kommunen mottekk i dag. Om kommunen vedtek eigedomsskatt på all næring eller ein generell utviding til å gjelde alle objekt i kommunen, vil dette føre med seg ei auke i kostnader i forhold til taksering. Desse kostnadene er ikkje innarbeida i budsjettet 2018.

## 5.3 Medarbeidarperspektiv

### Arbeidsgjevarstrategi:

Hemsedal kommune sin arbeidsgjevarstrategi inneholder dei 4 innsatsområda:

- 1) Etikk og samfunnsansvar
- 2) Politikk og administrasjon
- 3) RAUS og helsefremmende arbeidsplass
- 4) Leiing, tilsette og ombodsroller.



Ein god arbeidsgjevarpolitikk er viktig for vårt omdømme. Utvikling av eit positivt omdømme skjer ved at politikarar og tilsette framsnakkar kommunen i politiske fora, på arbeidsplassen, i møte med brukarane, media og i vertskapsrolla overfor turistar.

Det er viktig å forvalte og ta vare på vår eigen arbeidskraft på ein god måte,- da kan vi få ein stabil arbeidsstokk og eit høgt nærvær. Dette krev inkluderande og heilsakleg leiarskap som igjen vil skape trygge medarbeidrarar, som vil yte sitt beste i tenesteytinga overfor innbyggjarane. Utvikling av organisasjon og tenester i åra framover vil avhenge av godt tverrfagleg samarbeid, kompetanseheving, rekrutteringspolitikk og eit godt leiarskap.

### Samarbeid med tillitsvalde og venetenesta

Leiinga vil helde fram med å ha fokus på samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Arbeidsmiljøutvalet er ein samarbeidsarena der vernetenesta, tillitsvalde og administrasjon er representert. Det er ønskeleg å vidareutvikle også andre samarbeidsarena, der alle 3 partane kan ha dialog og drøftingar til dømes på feltet arbeidsgjevarstrategi og administrative prosedyrar.

### OU prosess

Kommunen er i stadig endring, og det jobbast med OU – prosesser i organisasjonen. Hemsedal kommune er i vekst med nye oppgåver, krav og forventningar. Det er viktig at kommunen er rett organisert, nyttar ressursane rett og ser på effektivisering av drift. Slike prosesser er absolutt noko som medarbeidarane kan kjenne på kroppen, og det er viktig med god dialog og informasjon undervegs der tilsette, tillitsvalde og vernetenesta blir inkludert.

### Kompetanse

Når det gjeld kompetanseutvikling blir det jobba godt med kompetanseutvikling ute i verksemldene/etatane. Det er ofte mange sentrale føringer som er med på å styre kompetanseutviklinga gjennom øyremerka midlar og tilskot. Det bør utarbeidast ein overordna kompetanseplan for Hemsedal.

### HMS arbeid

HMS hovudbok blir revidert og oppdatert jamleg, og er eit viktig verktøy for kommunens HMS arbeid. Her er det mykje god informasjon om helse, miljø og sikkerhet og om kommunens rutinar. Den er tilgjengeleg på kommunens intranett. Trening i arbeidstida er eit populært tilbod der tilsette mot å forplikte seg til å trenere på fritida, kan inngå avtale om 45 min trening også i arbeidstida. Dette er eit trivselstiltak og førebyggjande HMS tiltak. Kommunen har og vil helde fram med tilbod om felles trening med fysioterapeut for tilsette med rygg og nakkeplager. Dette er eit flott tilbod og førebyggjande arbeid.

### Kartlegging av arbeidsmiljø

Det blir kontinuerleg jobba for å minske ufrivillig deltid. Dette er eit arbeid som tillitsvalde og verneombod også tek del i, til dømes i turnusplanlegging. Der det er mogleg å utvide deltidsstillingar blir stillingar fortrinnsvis lyst ut internt.

Annan kvart år skal det gjennomførast medarbeidersundersøking- 10 faktorundersøking. Sist undersøking var årskiftet 2016/2017.

Det har i samband med IA prosjektet og vore gjennomført både arbeidsmiljøkartlegging, seminar, fokusgruppeintervju, rettleiing til leiarar og MLQ kartlegging (**Multifactor Leadership Questionnaire**) i 2016 og 2017, for målgruppa i prosjektet. Prosjektet og rapport frå prosjektet viser at:

- Ein kan få tilsette til å utsette å gå av med pensjon ved:
  - At leiar ser og verdsett den enkelte og deira kompetanse
  - Fridom til fleksibel arbeidskveldag, høve til å ta fri og ferie
  - Attraktiv arbeidsplass
  - Utvikle seg også som senior
  - Oppleve seg som nyttig og ettertrakta
  - Leiar og kommunen ønskjer at dei skal fortsette
- Leiarutvikling
  - Bruke MLQ og medarbeidarundersøkingar til
    - Evaluering av leiing
    - Utvikle mål/strategi for sitt leiarskap gjennom handlingsplanar
    - Få tilbakemelding
  - Trygge og kompetente leiarar
    - Utvikle leiarnettverk
    - Motivasjon frå øvste leiing
    - Kompetanse- og leiarutvikling
  - Tid til leiing
  - Tilpassa leiing til dei tilsette sine behov

### Følgjande mål og innsatsområder i medarbeidarperspektivet:

- Godt og utviklande leiarskap, arena for tverrfagleg samarbeid.
- Rekruttere og behalde arbeidstakrar ut frå kommunen sine behov. Auke grunnbemanningsa med faste vikarar, for å avlaste vikarbehovet
- Arbeide med heiltidskultur- redusere uønskt deltid
- Nær vær «Det er viktig å bry seg om og ta vare på kvarandre»: Hemsedal kommune er ei IA bedrift og i kommunen sin IA-handlingsplan for åra 2014 – 2019 har vi eit mål om å jobbe aktivt for at fråværet ikkje skal overstige 5,6 %, dvs. ein nær værprosent på 94,4 %.
- Fokus på HMS-arbeid, og utarbeidning av årshjul med informasjon og opplæring.
- Legge til rette for inntak av lærlingar, språk og arbeidspraksis
- Styrke tverrfagleg samarbeid og samhandling
- Sikre at kommunen har utvikling og endringskompetanse i høve til oppgåveløysing

### Arbeidsmål i 2018

- Styrke personalavdeling
- Bli mindre sårbare på nøkkelstillingar – ha nødvendig back- up. Vurdere samhandling med andre kommunar når det gjeld tenesteproduksjon/- tenesteyting der dette er formålstenleg
- Legge til rette for at tilsette sosiale aktivitetar for tilsette
- Utarbeide handlingsplan for å hindre og redusere vold og truslar mot tilsette

- Leiarutvikling
- Rullere etiske retningslinene, ta i bruk etisk refleksjon
- Rullere lønspolitikken
- Følgje opp og lage tiltak etter medarbeiderunderøkingar og IA- prosjekt 2016/2017
- Utarbeide ein overordna kompetanseplan og legge til rette for kompetanseutveksling internt og ta i bruk e-læring
- I samarbeid med tillitsvalte og verneombod gjennomføre OU- prosessar som skal styrke tenesteproduksjon. Organisering og leiarstruktur i rådmann sin stab, Helse- Omsorg og Oppvekst vert hovudfokusområder

## 6 FOKUSOMRÅDE BEFOLKNING, NÆRING OG SAMFUNN

Handlingsplanen bygger på kommuneplanen sin samfunnsdel av 30. juni 2010, og arealdelen av 8. desember 2011, samt revidert «Kommunal planstrategi 2016-2020», av 6. september 2016.


### 6.1 Mål for samfunn og næring

Kommunen opplever framleis ei folketalsutvikling som er unik i nasjonal samanheng. Veksten synast å komme innan segmentet yngre vaksne. Ein viktig premiss for vidare vekst er likevel tilgang på nye arbeidsplassar. Samstundes vert gjennomføring av ny skulestruktur ei sentral oppgåve sidan attraktiv bornehage, skule- og bumiljø er ein rekrutteringsfaktor i seg sjølv. Press i sentrale strok gjer det både økonomisk- og miljømessig lønnsamt å etablere seg i kommunen.

I samfunnsdelen har ein vore oppteken av å sikre nye bustadtomter i alle dei 3 sentra, Tuv, Trøim og Ulsåk. Vi har langt på veg klart dette, men heng noko på etterskot på Tuv. Arbeidet med hovudplan for vatn og avløp syner at Krikken framleis bør vere hovuddrikkevasskjelde for kommunen. Om ein kan oppheve deler av klausulert område på Tuv vil det bli frigjeve bustadtomter her. I tillegg har

kommunen starta opp med grunneigaravklaringar for området mellom Bekkedalen – Hulbaksvegen, område BU 7 som er øyremerka for bustadutbygging jfr. Kommuneplanen. Etterspurnaden etter kommunale bustadtomter er god, men tilgangen på nye tomter er for liten i høve vekstmåla. Det er difor budsjett for 2018-2019 lagt til grunn tiltak der kommunen gjennom grunnkjøp, og/ eller anna samarbeid med grunneigarar kan regulere og opparbeide bustadtomter i nye felt.

Arbeidet med områdeplan Trøym vest syner stort engasjement. Arbeidet har i 2017 resultert i eit felles konseptforslag, «Veien videre» som kommunestyre har støtta opp under. Den syner ein tenkt utvikling mellom Fjellandsbyen og Trøym sentrum. Arbeidet framover vert no følgt opp med privat detaljplanarbeid



opp til ein utvikling og vekst som inneber at kommunen må byggje opp eit drifts- og forvaltningsapparat som taklar denne veksten. Kommunen må rekne med 2-3 ekstra årsverk innan infrastrukturutvikling, plan og byggforvaltning.

for same område, der ein mellom anna følgjer opp vedtak om at Hemsedal kommune skal stå som arr. for eit Alpint Ski VM 2025. For å sette eit slikt tiltak i perspektiv snakkar ein om eit arrangement med over 500 utøvarar frå 75 nasjonar, og eit behov for rundt 2000 funksjonærar, med eit bakemannskap på rundt 550 personer. Desse planane legg

Vedteke planstrategi seier noko om kva for planar kommunen ønskjer å prioritere for å sikre ønskja utvikling. Tabellen under syner kva som er prioritert, men og justert for realistisk plangjennomføring.

«Hovudplan for vatn- og avlaup» vert og ein viktig premiss i høve behov for framtidig infrastruktur-investeringar.

Kor vidt ein må investere i ny hovuddrikkevasskjelde på Tuv er i denne samanheng eit sentralt spørsmål – om ein slepp vil ein kunne spare betydelege investeringar.

PLANNAVN	Ny plan/rullering	2016	2017	2018	2019
<b>Handlingsplan/budsjett</b>	Rullering	x	x	x	x
<b>Kommuneplan</b>					
<b>Arealdel</b>	Rullering	x	x	x	
<b>Samfunnsdel</b>	Rullering			x	x
<b>Kommunedelplanar</b>					
Hovudplan for vatn-, og avlaup	Ny plan	x	x	x	
Alkoholpolitisk handlingsplan	Rullering	x			
Energi og klimaplan 2017 - 2020	Rullering	x	x	x	
Kulturminne-, og kulturmiljøplan	Ny plan			x	
Kultur-, og idrettsanleggsplass	Rullering		x		
<b>Områdereguleringsplanar</b>					
Områdereguleringsplan Trøym Vest	Ny plan	x	x	x	x
Områdereguleringsplan Trøym Aust	Ny plan	x	x	x	
<b>Reguleringsplanar</b>					
Reguleringsplan Tuv I (gml.plan)	Ny plan		x	x	
Nye bustadfelt (Kvar ?- i K- planarb.)	Ny plan		x	x	
<b>Kommunale temoplanar</b>					
Trafikktryggleiksplan	Rullering	x			
Overordna beredskapsplan	Rullering	x	x	x	x
Strategisk næringsplan	Rullering			x	x
Bustadsosial Handlingsplan	Ny plan	x			
Rehab.-, og vedlikeh.-Komm. bygg	Ny plan	x			
Rusmiddel politisk plan inkl. HD	Ny plan	x			
Helse-, og omsorgsplan	Ny/rull	x			
Kommunal plan – overgang barnehage - skule	Rullering				x
Plan mot utestenging og mobbing i skule og barnehage	Rullering		x		x
Stig og løypeplan	Rullering			x	x

### **Oppsummering - hovudmål for overordna planleggingsarbeidet i 2018 vert som følgjer;**

- Vedteke planstrategi legg føringar for totalt overordna planarbeid. Kommunen må ta stilling til korleis ein skal følgje opp overordna utbyggingspolitikk gjennom arbeid med arealdelen. Framdrift i planarbeidet, og gjennomføring av tiltak heng mellom anna saman med adm. sine ressursar og politiske prioriteringar, inkl pengar til gjennomføring
- Ferdigstille områdeplan for Trøym vest vert tilpassa privat planforslag for Totteskogen som inneheld ønskja utvikling mellom Fjellandsbyen og Trøym sentrum. Planen må fange framtidsretta løysingar for trafikkavvikling, lokalisering av basestasjon for framtidig gondol, og areal for idrett.
- Ferdigstille områdeplan for Trøym aust i samsvar med vedteke planprogram, val av skulestruktur og framtidig areal for funksjon helse- og omsorg
- Starte opp med detaljereguleringsplanarbeid for realisering av nye bustadfelt, BU7 / alt. BU6
- Rullering av energi- og klimaplanen skal fastsette nye klimamål basert på reelle tall og realistisk gjennomføring. Kommunen skal etablere eigen «Klimaleiling» med rådmann, ordførar og fagansvarlege som ledd i å følgje opp vedtekne handlingsplanar
- Tilstrekeleg og sikker vassforsyning med god kvalitet er ei av våre viktigaste kommunale oppgåver. Langsiktig strategisk planarbeid er nødvendig for at kommunen skal kunne drive forsvarleg vassforsyning, men også avlaupshandtering. Vidareføre arbeid med utarbeiding av Hovudplan for vatn- og avlaup står difor sentralt.

Gjennomføring av tiltak nemnd over, vil underbygge overordna mål forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel innan utbyggingsstrategi, butilbod, næringsliv, miljø, samferdsel og kommunikasjon.

## **6.2 Mål for trafikktryggleik**

Trafikktryggleiksplanen er eit styringsverktøy for prioritering og tiltak for planperioden 2016- 2020. Årleg vert handlingsdelen gjennomgått. Gjeldande plan synleggjere kommunen sine behov i høve gang- og sykkelveg langs RV 52 jfr. tidlegare uttaler til Buskerud Fylkeskommune og Statens Vegvesen. Hemsedal kommune vart sertifisert som Trafikksikker kommune i 2017, og vil gjennom 2018 aktivt følgje opp tiltaksplanen med eigen dedikert personalressurs. Ein ser behov for å vere meir aktiv ovafor overordna mynde kva gjeld oppfølging av «Handlingsplan for Riks- og Fylkesveg», jfr. dei uttaler kommunen alt har gjeve.

## **6.3 Mål for befolkning og folkehelse**

Det er mange forhold som verkar inn på helsa vår som korleis vi bur, livsstil, trivsel, tilhøyret, om ungane trivst i barnehage og skule, om vi har meiningsfylt arbeid med gode kollegaer, meiningsfylt fritid, gode natur og kulturopplevelingar, gode offentlege og private tenester og ikkje minst ei god fysisk og psykisk helse. Alle har ut frå sine moglegheiter og føresetnader ansvar for eigne val og å hjelpe andre til gode liv.

Samstundes veit ein at utviklinga i samfunnet fører med seg ei endring av sjukdomsbilete,- eit forhold også Hemsedal er ein del av. Sosiale helsekilnader er eit produkt forskellar i ressursar, levekår, oppvekstmiljø, arbeidsliv og fritid. Psykisk uhelse er rekna å vere ein av dei store helseutfordringane.

Hemsedal kommune skal i større grad integrere psykisk helse som del av det lokale folkehelsearbeidet med å fremme befolkningens helse og livskvalitet. Målsettinga skal vere å hindre utanforskap ved å fremje deltaking, aktivitet tilhøyre i lokalsamfunnet. Hovedvekta av tiltaka skal vere befolkningsretta og ikkje retta mot risikogrupper.

Det er viktig at det blir jobba førebyggjande med trivsel og helsefremjande tiltak, tiltak for å betre levekår for alle grupper, samt gje gode lærings- og meistringstilbod for personar som har helseutfordringar. Det er


viktig at det blir jobba med barns levekår og omgjevnader i oppveksten, då dette har innverknad seinare i livet.

### Sentrale føringar

1. [Plan og bygningslov \(pbL\)](#) er kommunen viktigaste verktøy for ei samla og heilskapleg samfunnsplanlegging og ei sentral lov i folkehelsearbeidet.
2. [Lov om folkehelsearbeid](#)
3. [WHO: "Helse 2020"](#) målsetjing: "Helse i alt vi gjer"
4. [Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027](#) er eit utviklingsarbeid som skal bidra til ein langsigkt styrking av kommunenes arbeid med å fremje befolkningens helse og livskvalitet. Barn og unge ser prioritert målgruppe. Programmet skal bidra til å integrere psykisk helse som en likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet. Det skal leggjast til rette for samarbeid mellom aktører innen bl.a. helsetjenesten, skole og barnehage, politiet og frivillig sektor.
5. [St. meld. 19\( 2014-2015\) Folkehelsemeldingen](#)- Mestring og muligheter er det peika på 4 innsatsområde:
  - Psykisk helse i folkehelsearbeidet
  - Aktive eldre
  - Helsevenlege val
  - Barn og unge

God folkehelse blir mellom anna skapt gjennom god samfunnsutvikling. Samstundes er folkehelse ein viktig faktor for god utvikling. Hemsedal kommune har utarbeidd ein planstrategi der folkehelse har eit overordna perspektiv. For å koordinere tverrfagleg og tverretatleg samarbeid innan folkehelse har

kommunen etablert ei ressursgruppe innan folkehelse, og for å koordinere dette arbeidet er det peika ut ein person som er kommunen sin folkehelsekoordinator.



I dette perspektivet har rådmannen sett som mål at det i all overordna planlegging skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som kan fremje ei positiv utvikling for folkehelsa generelt, og som kan jamne ut eventuelle sosiale helseforskjellar i bygda. Tiltaka skal vere tufta på kunnskap og systematisk arbeid. Dette føreset både tverretatleg, og regionalt samarbeid. Et effektivt folkehelsearbeid handlar om bevisstgjering på alle nivå, og ikkje minst systematisk informasjon og kunnskapsutveksling mellom alle partar.

Ut i frå [folkehelseprofilen](#) har Hemsedal få eintydige folkehelseutfordringar.

Hemsedal har lågare tal på personar med uføretrygd. Det er mindre bruk av medikament, og det er færre som har livsstilsjukdomar. Det er fleire med låg inntekt og Hemsedal har fleire med personskadar som blir behandla i sjukehus. Elevundersøking og [ungdataundersøking \(2017\)](#) som er gjennomført, viser at det er risikofaktorar knytt til oppvekst som det er viktig kommunen er merksam på. Tal frå [Ungdata 2017](#) viser at dei fleste ungdommane i Hemsedal trivs med sine liv og har det bra. Det er likevel tal frå undersøkinga som det er grunn til å sjå nærmare på for å finne årsak/samanheng og eventuelle moglege tiltak. Nokre tema som skil seg ein del ut er psykisk helse, einsemd, framtidsutsikter og lokal miljøet. Det er variasjonar i forhold til kjønn og alderstrinn. Det blir arbeidd med undersøkinga både på regionalt og kommunalt plan. Hemsedal kommune ønskjer bistand frå KoRus sør i vidare analyse.

Det er utarbeidd eit **oversiktssdokument** over kommunens folkehelseutfordringar. Eit av måla er å identifisere faktorar i Hemsedal som påverkar risikoien for «hyppighet» i befolkninga (negativ/ positiv helseeffekt), og nytte denne kunnskapen i langsiktig førebyggjande arbeid.

Det er utarbeidd ein felles **handlingsplan for folkehelsearbeid i Hallingdal 2016-2019** med følgjande overordna prinsipp:

- Tverrfagleg forankring
- Befolkningsretta
- Helsefremjande

Det er 6 innsatspunkt i handlingsplanen:

- Kommunalt planarbeid og saksbehandling
- Barn og ungdom
- Frivillighet
- Friluftsliv
- Eldre
- Stadsutvikling

Hemsedal gjer i dag mykje bra for å fremje aktivitet, trivsel og livskvalitet for innbyggjarane. Hemsedal har mange lag og organisasjonar som skapar gode arenaer for fysiske og sosiale aktivitetar. Det er bygd eller er under utbygging fleire anlegg som er med å fremje fysisk aktivitet som rulleskiløype, trimløype, skøytebane på idrettsplassen og skianlegget på Gravset.

Gjennom **Hallinghelse , folkehelsegruppa og frisklivsgruppa** blir det jobba med prosjekt /tema som er viktig innanfor folkehelsearbeid og førebyggande arbeid.

- kompetansehevande tiltak for tilsette
- Utvikling og samarbeid av lærings- og meistringstilbod for innbyggjarane
- Styrking av brukarmedverknad
- Meir fysisk aktivitet inn i skulen og aktivitesløftet i SFO
- Frivillighetsplan
- Friluftsliv i Hallingdal
- Ressursteam for eldre
- Regionalt prosjekt med ungdomslos
- Ressursteam for autisme
- Hallingovasjon
- Tobakkslutt og Bra mat
- Frisklivsløpet



#### **Arbeidsmål for perioden 2017-2019:**

- Jobbe systematisk ulike statistikkmateriale for å få eit godt grunnlag for å jobbe målretta med folkehelseutfordringar
- I planlegging og utviklingsarbeid skal det vere fokus på helse, trivsel og universell utforming samt legge til rette for naturleg aktivitet og rørsle
- Kommunen skal ha ei auka fokus på barn og unge med tanke på oppvekst, læringsmiljø, førebygging, tidleg innsats, koordinering og organisering
- Gje god informasjon og rettleiing, avklare forventningar og lytte til barn, unge og føresette ved overgangar melom barnehage og skule, og mellom grunnskule og vidaregåande skule
- Støtte ungdom og unge vaksne til å fullføre skule/utdanning og å få seg ein jobb med mellom anna å få i etablert fleire læreplassar og tilrettelagt arbeid
- Målretta arbeid for god og likeverdig helse i heile befolkninga
- Endre kommunen sin ressursbruk til meir helsefremjande og førebyggjande innsats
- Gjennomføre tiltak som skapar openheit og kunnskap om psykiske lidinger.
- Stimulere til utvikling av sosiale nettverk for sjølvhjelp og meistring i krevjande livssituasjoner

- Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skapar tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande
- Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet, samt gode lærings og meistringstilbod
- Systematisk jobbing med førebyggende tiltak for skade og fallforebygging
- Støtte og legge til rette for formelle og uformelle kulturelle og sosiale møtearenaer
- Motivere og legge til rette for friluftsliv, fysisk og sosial aktivitet i livlaupsperspektiv med fokus på inkludering og integrering av utsette grupper og målretta med tiltak for dei mest utsette gruppene
- Tilrettelegging og utvikling av ski-, tur og sykkelløyper er ein ønskja strategi for å fremje fysisk aktivitet
- Gode trafikktryggleikstiltak som trygg transport til og frå aktivitetar
- Som eit ledd i å utjevne sosiale forskellar- utvikle system med utstyrslån ved aktivitetar
- Skape arena for borgarmedverknad

### Mål for år 2018

- Vidareutvikle samarbeid med frivillige lag og organisasjonar om fysisk aktivitet, sosiale møteplassar og styrke sosiale nettverk med konkrete tiltak
- Sjå på løysningar i samarbeid med idrettslag om aktivitetsløftet i SFO
- Fokus på sunne matvanar der kommunen er involvert
- Sikre deltaking for aktive eldre – bruke eldre som ressurs.
- Vidareutvikle tverrsektorielt folkehelsearbeid- og møteplassar
- Førebyggjande rus, antidoping og kriminalførebyggjande tiltak
- Revidering av rusmiddelpolitisk handlingplan



## 6.4 Barn og unge

Barn og unge sin oppvekst er først og fremst familien sitt ansvar, men nærmiljøet, kommunen, frivillige lag og organisasjonar har eit viktig medansvar.


Det kommunale ansvaret for å gje barn og unge ein god oppvekst er fordelt på dei fleste etatar og einingar. Barnehage, skule/SFO, helsestasjon, helsetenesta og kultur- og fritidstilbod er tenester som retter seg mot alle barn og unge. Det å skape trygge leike- og frilufts- arenaer som skapar mangfold i aktivitetar og som kan samle barn, unge og vaksne i gode sosiale miljø, er viktig i all arealplanlegging.

Alle barn og unge skal oppleve ein god oppvekst, ha høve til meiningsfylte aktivitetar og likeverdige moglegheiter til å oppleve meistring. Alle barn og unge skal ha utbytte av skulegongen både sosialt og fagleg. Store delar av den vakne tida er barn og unge i barnehage, skule eller SFO. Skulen og barnehagen sitt oppdrag er klart definert jf. Opplæringslova, Lov om barnehager, Rammeplan for barnehagen og i Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule. Det er skule og barnehage sitt ansvar i samarbeid med foreldra og andre samarbeidspartar, å arbeide aktivt og systematisk for å fremje eit godt psykososialt miljø der barn og unge kjenner tilhøyr på desse arenaene. Meistring på det sosiale området på desse arenaene er viktig for både notid og framtid. Det same gjeld på fritidsarenaer. Vaksne skal vere med å støtte barn og unge i den sosiale læringa.

Samspelet som oppstår mellom barnet i relasjon med sine omsorgspersoner dannar grunnlag for barnet si utvikling både kognitivt, emosjonelt og åtferdsmessig. Alle oppdragarar har ei forplikting til å følge med på kva som føregår og dei skal korrigere miljøet når dette utviklar seg i uheldige og avvikande retning. Til dømes ved at nokon vert mobba og støytt ut av fellesskapet, eller ved at det i barne- eller ungdomsmiljøet blir attraktivt å vise negativ åtferd. Sosial isolasjon og einsemd er vanskeleg å observere og fange opp. Sjølv på arenaer som t.d. Fritidsklubben som skal gi eit prestasjonsfritt tilbod, kan nokon kjenne at det vert vanskeleg. Mange barn og unge vil gjera ganske mykje for å skjule at dei er einsame. Det er derfor særleg viktig at alle vaksne i miljøet er merksame på korleis barn og unge har det i forhold til sine jamaldringar og det bør brukast fleire tilnærmingar for å kartleggje kva som skjer.

Ungdata og andre undersøkingar viser at det er barn og unge som på ulike områder har utfordringar og opplever at oppveksten ikkje er god. Kvart einskild barn som opplever dette, er eit barn for mykje. Psykiske plager og lidingar er eit stort helseproblem hjå barn og unge i Noreg i dag. Det blir rekna med at det til einkvar tid er 15-20 prosent av barn og unge mellom 3 og 18 år har nedsett funksjon på grunn av psykiske plager som angst, depresjon og åtferdsproblem.

#### I program for folkehelsearbeid i kommunane 2017- 2027 «For barn og unge er det viktig å legge til rette



for:

- At alle opplever tilhørighet, det å være en del av et felleskap og ha positive relasjoner til voksne, jevnaldrende og yngre.
- At alle opplever mestring. Vi må skape flere arenaer for aktivitet alle kan lykkes og mestre i. Det å lykkes med noe bidrar til et positivt selvbilde og en positiv identitet.
- Miljøer preget av toleranse for variasjon og for at alle mennesker er forskjellige.
- Rusfrie miljøer
- At alle får muligheter til å engasjere seg og være med å påvirke sin egen hverdag og sine omgivelser.

Oppvekst og helse og omsorg er sentrale arenaer det det kan jobbast med universell, grupperetta og individretta tiltak.

Koordineringsgruppa for barn og unge har jobba med å kartlegge både kompetanse og kva for tiltak/oppgåver kvar eining har for dei ulike aldersgruppene. Kartlegginga vil føre til at vi i større grad i fellesskap



kan finne enno betre måtar å koordinere og samhandle i arbeid med barn og unge og deira omsorgspersonar.

Alle tenesteområda har fokus på førebygging og tidleg innsats. Det blir jobba med tverrsektoriell samhandling og det er fokus på å ha tilsette med nødvendig kompetanse slik at kommunen kan gje gode tenester for barn og unge og deira omsorgspersonar.

Det er sett i gang samhandlingsmøter mellom PPT, vidaregåande skule, grunnskule og skuleeigar for å sjå på korleis ein best mogleg tek vare på elevar i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule. Vi ser og at det er ein føremon at skulehelseteneste, psykisk helseteneste, fritidsleiar og miljøarbeidarar/sosiallærarar er tilstades i skuletida og fritid.

Kommunen har ansvar for å yte gode tenester til barn og unge med samansette behov. Det er derfor viktig å jobbe tverrsektorielt med barna og familiene deira på ein god måte, og sørge for at vi har tilstrekkeleg

kompetanse til å gje den hjelpe kommunen har ansvar for å gje i samsvar med lovverk og retningslinjer. Det er eit mål at det raskt blir sett i verk tiltak når det blir avdekt eit behov for koordinerte tenester. I vedtak om utbygging av sentralskule ved HBU er det vurdert at ein ser fordelar ved at sentralskule og helse og omsorg er lokalisert i området rundt HBU og Bygdaheimen. Det må jobbast videre med å finne ei formålstenleg lokalisering og samordning av helse og omsorgstenestene for å sikre lett tilgjenge og ei heilskapleg tenestekjede for barn og unge. Biblioteket er ein god samarbeidspart for skulen og vil få høve til å samarbeide tettare med alle klassesteg i den nye sentralskula.

**Nytt satsingsområde innan oppvekst:**

- Inkluderande barnehage og skulemiljø

Prosjekt i helse og omsorg som er starta og tenkt vidareført i 2018

- Regionalt prosjekt- ungdomslos i grunnskule - lågterskel gruppeaktivitet rett etter skuletid for elevar i 5 og 6 trinn og tilbod om individuelt miljørarbeid.
- Prosjektstilling som psykolog.
- Regionalt prosjekt – kompetansehevande tiltak i tenester for personar med utviklingshemming og autisme
- Regionalt prosjekt – utarbeiding av ein heilskapleg modell for samhandling og tidleg identifikasjon rundt risikoutsette barn og unge
- interkommunale prosjektstillingar med ungdomslos i vidaregåande skule blir fasa ut i 2018.

Det er viktig at dei tiltak som er sett i verk blir implementert og vidareført på lang sikt:

- Barn i rusfamiliar, «Kjærlighet og grenser»
- Familiesamspel
- Foreldrerettleiing, ICDP, COS og godt samliv
- Familiekonsulent
- Aktivitet og lågterskeltilbod, som LEK i og aktivitet rett etter skuletid- ungdomslos prosjekt i ungdomskulen ungdomskulen
- Være saman- barnehage
- KUPP - Kompetanseutvikling i pedagogiske prosessar
- Relasjonskulen **med foreldrekveldar for nye 5. klassingar HBU**, og «Felles Løft» Steg 3 - for språk og sosial kompetanse
- Fokus på digital mobbing i veke 6

**Felles arbeidsmål for alle etatar**

- God psykisk helse blant barn og unge og deira familie- nærpersoner.
- Styrke samspill, foreldrerolle, foreldresamarbeid og foreldreengasjement.
- Arbeide for at barn og unge uansett etnisitet opplever ein god eigenverdi, eit tolerant og inkluderande oppvekstmiljø med trygge rammer.
- Arbeide etter prinsipp om tidleg innsats på alle alderstrinn med fokus på meistring
- Betre tverrfagleg og tverrsektoriel innsats i arbeidet med barn og unge.
- Barn, unge og foreldre opplever gode og trygge oppvekstarenaer med meiningsfylte aktivitetar
- Redusere fysisk inaktivitet blant barn og unge
- Redusere omfang av barn og unge med vektproblematikk.
- Redusert bruk av tobakk, rusmidlar og vekstpreparat blant barn og unge.
- Aktivitetsløftet- ISF
- Ha kunnskap om og handlingskompetanse i forhold til overgrep og vold i nære

### **Arbeidsmål 2018**

- Vurdere og sette i verk tiltak etter ungdataundersøking i 2017
- Ekstra ressursinnsats på førebygging og tidleg innsats hjå barn 0-4 år og deira omsorgspersonar
- Tiltak for å styrke familien med ICDP, COS og kjærlighet og grenser blir gjennomført på fleire årstrinn
- Vurdere nye modeller, nye måtar å organisere tverrfagleg arbeid , forsøk med familieteam
- Følgje opp barn og unge som ikkje har tilhøyre i kultur- og fritidsmiljø
- Vidareføre satsinga med ungdomslos i vidaregåande skule gjennom eit delt ansvar og samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og NAV, jf vedtak i regionrådet
- Inkluderande barnehage og skolemiljø

## **6.5 Bustadpolitikk/ bustadsosial handlingsplan**

Arealplanlegginga er eit viktig verktøy for å fremje samfunnsomsyn som inkludering, folkehelse og gode oppvekst og levekår. Gode tilpassa bustader med livsløpstandard og utvikling av velferdsteknologi vil kunne redusere og utsetje behov for omsorgsbustader og førebyggje behov for institusjonsplassar.

### ***Politiske føringer - Samfunnsdelen :***

- Ha eigna areal til både bustadomter og meir konsentrert utbygging, frå tomannsbustader til leilegheitsbygg i dei tre bygdesentra, Tuv, Trøim og Ulsåk.
- Ha gjennomgangsbustader for ungdom.
- Leggje til rette for eldre-bo med nær avstand til sentrumsfunksjonane.
- Leggje til rette areal for tenlege husvære for sesongarbeidarar.
- Gjennom framtidige reguleringsplanar for tettstadene, leggje til rette for mindre husvære og konsentrert utbygging.

### ***Vedtak i kommunestyret***

- Vedtak 132/16 – styringsgruppe som mellom anna har mandat med å vurdere behov og utbygging av omsorgsbustader og eldrebustader
- Vedtak 18/15 - Status kommunale utleigebustadar pkt 1, « Bustadsosial handlingsplan må reviderast. Ny plan må mellom anna vise til framtidige arealbehov, tal på einingar, storleik, og plassering.
- Vedtak 154/11 -Temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret som eit område for bu- og behandlingssenter, « Arealet mellom skulen og Bygdaheimen, som er regulert til framtidig kyrkjegard, vert reservert for utbygging av skule og pleie & omsorg.»

### ***Strategiske planer og andre føringer***

- [Helse og omsorgstjenesteloven](#)
- [Lov om sosiale tjenester i arbeids – og velferdsforvaltningen](#)
- [Folkehelseloven](#)
- [Plan og bygningsloven](#)
- [Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid \(2014 – 2020\)](#)
- [NOU 2011:15 Rom for alle](#)



***Ein bustadspolitisk plan*** er eit strategisk temaplan etter plan og bygningslova §11-1 for å planlegge og synliggjere kommunens mål, tiltak og prioriteringar innanfor bustadområdet. Den må både omfatte det bustadsosiale behovet og det meir generelle behovet for bustader som kommunen skal ha eit ansvar for. Bustadpolitikken kan omfatte alt frå nybygging, utbetring av kommunal bustader eller hjelpe skaffe bustader på det private leigemarknaden.

**Bustadsosialt arbeid** omfattar alt frå kommunen sin innsats for å skaffe og tildele bustader til tenester og enkelttiltak som kan betre den enkeltes føresetnad for å meistre sin bu- og livssituasjon. Bustader, tenesteyting og stønadsordningar må derfor sjåast på i ein heilskapleg samanheng. Bustadsosialt arbeid er ein viktig levekårsfaktor. Det er viktig å sjå samanheng både i planstrategi og folkehelsearbeidet.

Hjelp og bistand til å meistre bu- og livssituasjonen kan vere rettleiing, opplæring og bistand til å utføre praktiske gjøremål i bustaden overhalde sine økonomiske forpliktingar samt plikter knytt opp mot buforholdet og til naboar. Mange treng også bistand til å nyttiggjere seg andre tiltak og tenester for å ta vare på eigen helse, førebygge isolasjon og bidreg til ein meiningsfull tilvære i fellesskap med andre.



For dei fleste vanskeligstilte er økonomi og finansieringsproblem den største hindringa for å skaffe seg ein bustad. I Hemsedal er det relativt høge prisar på kjøp og leige av bustader. For andre kan det vere vanskelig å skaffe seg ein bustad som er tilpassa deira behov, eller dei trenger bistand for å kunne ivareta butilhøve. Andre trenger meir samansett og langvarig hjelp til å meistre buforholda og livssituasjonen elles, for eksempel oversikt over egen økonomi, sikre betaling av faste utgifter, gode rutinar på reinhald, hygiene, daglege gjøremål i husværet, innkjøp, kosthald, ernærings, rusmestring, fysisk og psykisk helsehjelp.

Andre igjen kan oppleve å bli utestengt frå bustadmarknaden, eller de kan oppleve å være ein uønskt nabo eller legetakar. For kommunen vil det vere økonomiske utfordringar å skaffe eit nødvendig tal på ega bustader både til vanskelegstilte, men og omsorgsbustader. Det er viktig at ein har ein god utnytting av kommunale bustader, det blir vurdert samarbeid med private utbyggjarar, samt at det i arbeid med reguleringsplanar blir tatt omsyn til behov for tilrettelagte bustader. Husbanken har ulike økonomiske verkemiddel for finansiering og tilrettelegging av omsorgsbustader, flyktningar og bustader til vanskeligstilte.

Dei siste åra har det vore venteliste på omsorgsbustad. Frå 2020 blir det fleire eldre, og på landsbasis er talet på personar med demens aukande. Det er også behov for kapasitetsauke for andre grupper som treng omsorgsbustader samt å betre personalrom på Bråtenjordet.

#### Arbeidsmål:

- I planarbeid og planstrategi skal det leggjast vekt på at bustadutvikling følgjer befolkninga sitt behov for ega bustad, bidra til gode bumiljø og underbyggje eit folkehelseperspektiv.
- Det må leggast til rette for utbygging av sentrumsnære utleige samt sjølveigar bustader og leilegheiter med universell utforming og tilrettelegging for smarthus og velferdsteknologi.
- I løpet planperioden utarbeide ein bustadsosial handlingsplan med utgangspunkt i tidlegare bustadsosiale planar og temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret som eit område for bu- og behandlingssenter.
- Kompetanse og kunnskap til finansieringsordningars som kan vidareformidlast til målgruppene.
- Ha fleksible tenester med personell med kompetanse i målretta miljøarbeid, bustadsosialt arbeid og kvardagsmeistring.

## 6.6 Kultur

**Lag og organisasjoner** er den viktigaste kulturutøvaren i Hemsedal. Hemsedal kommune er derfor avhengige av eit godt samarbeid med desse. Utfordringa er å skape gode sosiale, kulturelle møtearenaer og høve til fysisk aktivitet for dei som treng spesiell tilrettelegging eller som ikkje ynskjer /kan delta i det organiserte tilbodet.

- Kommunen syter for at kommunale kulturygg/-anlegg er i god stand til bruk for lag og organisasjoner
- Kommunen må ha ei god tilskotsordning for drift av lag og organisasjoner. Størstedelen av tilskotet vert fordelt til barne og ungdomsarbeid i tråd med retningslinene. Det vert også gjeve tilskot til prosjekt, arrangement og ålmenn kultur
- Kommunen yter hjelp og informasjon ved finansiering av anlegg med spelemidlar
- Kommune deler ut kulturpris/stipend til lag/organisasjoner eller enkeltpersonar som har utmerka seg spesielt i kulturarbeidet.

**Den kulturelle spaserstokk;** er ei gruppe samansett av representantar frå Hemsedal pensjonistlag, Hemsedal eldreråd, Historielaget, Frivilligsentralen, Helse og omsorg samt Kultur og oppvekst. Det vert i løpet av året arrangert haustfest og konserter på Bygdaheimen og i biblioteket. I tillegg er det song og musikk kvar veke for bebruarane på Bygdaheimen. Målet er å sørge for profesjonell kunst og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Hemsedal kommune held fram med å søkje om midlar til «Den kulturelle spaserstokk». (Tilskot til DKSS er kraftig redusert dei siste åra)

**Kultursalen** – Det er gjennomført oppgradering, men ikkje avsett driftsmidlar til bruk.

**Hemsedal Bygdearkiv** – Hemsedal Historielag driftar på vegne av Hemsedal kommune Bygdearkivet. Dei tek vare på historia om Hemsedal. Både bilete, film og nedskrive materiale. På nettsida Digitalmuseum.no er det lagt ut ca. 2000 biletar frå Hemsedal.

**Hemsedal Bygdebok** – Kommunestyret gjorde vedtak om vidareføring av Bygdeboka i sak 140/11. Ei Bygdeboknemnd vart oppnemnt og utarbeidde forslag til gjennomføring, to bøker i tillegg ei registerbok. Det vil utan tvil vera av stor interesse for innbyggjarane i Hemsedal og deira etterkommarar, at Flataboka vert vidareført.

**Stadnamngruppa** – bidreg med nye namn til alle vegar i samband med adresseringsprosjektet. Alle vegar i bustad og hytteområder skal ha vegnamn og skilting. Stadnamngruppa samarbeider med stadnamnkonsulenten og kartverket. Historielaget starta i 2015 med ei revidering av kartverket sin database over namn i Hemsedal og kvalitetssikre desse. (skrivemåte og plassering på kartet.)

### Stadnamnprosjektet –

Historielaget har samla inn og kartfesta stadnamn. I samarbeid med kommunen og med midlar frå Språkrådet er det no sama inn over 5000 namn. Ungdommar registrerer.

**Hallingdal Museum** - Samarbeidspartner som tek spesielt vare på Hemsedal bygdatun. Det er laga eigen skjøtselsplan for Hemsedal Bygdamuseum. Hallingdal museum er ein del av Buskerud musea der målet er å få fleire statlege kroner til å oppretthalde og utvikle museumsdrifta.

**Buskerud Teater** – Tidlegare Hallingdal teaterverkstad som yter hjelp til teaterarbeid i skule og frivillige lag og organisasjoner.

## 6.7 Beredskapsarbeid

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på befolkninga si sikkerhet og sin tryggleik innanfor sine geografiske områder. Kommunen er pålagt ei generell beredskapsplikt, som gjer at kommunen må førebu seg på uønskja hendingar på fleire område. Kommunen skal vurdere og planlegge samfunnssikkerheit og beredskap i eit fullstendig perspektiv. Grunnlaget for beredskapsarbeidet i kommunen skal vere ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), der kommunen kartlegg dei uønska hendingane som kan inntrefte, vurderer sjansen for at slike hendingar skjer og korleis slike hendingar vil kunne ramme lokalsamfunnet. Med utgangspunkt i analysen, skal kommunen utarbeide ein overordna beredskapsplan. Det er også ein føresetnad at analysen vert lagt til grunn for og vert integrert i kommunale planprosessar.

Det er etablert eit godt samarbeid med hallingdalskommunane og andre instansar om beredskapsarbeid.

### Mål for kommunen sitt beredskapsarbeid 2018:

- Årleg oppdatering og revidering av overordna beredskapsplan
- Gjennomføre minst ei øving
- Jobbe for eit godt samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal og andre eksterne aktørar.
- Setje fokus på sektorovergripande samarbeid og planlegging i kommunen og gjere beredskapsarbeidet til ein del av etatane si planlegging og sine rutinar

## 6.8 Omdømme og kommunikasjon

Det har skjedd store endringar på kommunikasjonsområdet i Norge de seinare åra, og bruken av internett og sosiale mediar har eksplodert. Den einskilde innbygger sin mulighet for innsyn og deltaking har auka betrakteleg, og det er viktig at kommunen heng med i utviklinga. Det vert også arbeida med klart språk frå saksbehandlarane i kommunen, då spesielt med korleis ein kan gjera sakspapira forståeleg for mottakaren.

I oktober 2016 gjorde formannskapet vedtak om at ein skulle koordinera arbeidet med ein kommunikasjonsstrategi for heile kommunen i samband med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel. I Strategisk næringsplan for Hemsedal 2016-2022, ligg kommunikasjonsstrategi som tiltak under kultur og samfunn.

Det er jobba vidare med eit underlags for ein kommunikasjonsstrategi for Hemsedal kommune. Ein slik strategi skal sikra heilhet og samanheng i kommunens kommunikasjonsarbeid og bidra til at kommunikasjon vert nytta som eit strategisk virkemiddel i Hemsedal kommune.

Tiltak som er under planlegging og satt i verk:

- Betre søkemotor på heimesidene. Vil også inkludere søking i sakspapir
- Brukarundersøking av nettsidene (gjeld alle Hallingdalskommunane)
- Workshop på tvers av etatane: tema: kommunikasjon, dialog og medverking
- Stand på Haustmarknad
- Innarbeiding av visjon og verdiar internt og eksternt
- Rolleavklaring; kven seier kva til kven? Ansvarsområder

## 6.9 Nye personvernreglar

Nye personvernreglar blir innført i 2018. EUs forordning for personvern, The General Data Protection Regulation (GDPR), blir norsk lov i 2018. Det betyr at vi får nye reglar for personvern i Norge. Det nye regelverket gir verksemndene nye pliktar og enkeltpersoner nye rettar. Dette inneber strengare krav til kommunen sine verksemder. For kommunane vil dette mellom anna bety

- Krav til informert og aktivt samtykke
- Det skal ligge føre ein forståeleg personvernerklæring.
- Verksemndene på gjennomføre konsekvensar av personvern
- Nye rutinar/retningsliner, krav til avvikshandtering.
- Borgar sin rett til å krevje at personvernopplysningar blir styrka.
- Opprettast eit personvernombod som skal vere bindeledd mellom leing, dei som er registrert og Datatilsynet. Ombodet kan vere ein tilsett eller ein profesjonell tredjepart. Regionrådet har anbefalt at det blir oppretta kommunevise ombod.

## 6.10 Asylmottak og busetting av flyktninger

Det einslege mindreårig mottak på Langeset og asylmottak på TUV er lagt ned i år 2017. Det er fleire stillingar innan oppvekstetaten, helse og omsorgsetaten og Læringsenteret på Gol som var direkte knytt opp til tenester til bebuarar på mottaka.

Hemsedal kommunestyre har vedteke å busette 42 personar i perioden 2016 – 2019. I IMDI sitt informasjonsbrev, datert 06. november 2017 blir kommunen varsla om at vi ikkje blir oppmoda om å busette flyktningar i år 2018 , då behovet for busetting er sterkt redusert.

Nedlegging av asylmottak i kommunane og reduksjon i talet på busetting i Nedre Hallingdal kan gje utfordring for kunne tilby eit tilfredstillande introduksjonsprogram. Kommunane Hemsedal, Gol, Nes og Flå samarbeider om norskopplæring/introduksjonsprogram på Læringsenteret i Gol . Rådmennene har sett ned ei arbeidsgruppe som skal finne samarbeidsformer, utarbeide mål og strategi for introduksjonsprogrammet. Dei skal legge fram resultat innan 01.01.18. Samarbeidsavtale om norskopplæring og introduksjonsprogram vil også bli revidert.

I kommunestyrevedtak 57/16 vart det fatta vedtak om å skaffe bustader etter Hammarøymodellen. Det var ingen respons frå private om å byggje bustader etter utlysing. I og med at behovet for å busette flyktningar er gått ned er behovet for å bygge bustader så å seie borte. I framtidig planarbeid og planstrategi er det viktig å legge vekt på ein bustadutvikling som følgjer befolkninga sitt behov for egna bustad, bidreg til gode bamiljø og underbygger eit folkehelseperspektiv. Dette må inkludere at det blir lagt til rette for å byggje sentrumsnære utleige bustader.

Det er oppretta eit tverfagleg samarbeidsteam mellom NAV –flyktningteneste, helseteneste og oppvekst. Andre einingar som eigedom blir invitert ved behov. Koordinerande eining har pt ansvar for koordinering.

### Arbeidsmål for busetting og integrering av flyktningar

- Tilstrekteleg med formålstenelege bustader – både kommunale og private
- God og effektiv busetting og oppfølging over tid- tilstrekteleg med ressursar i flyktningtenesta
- Tilby eit introduksjonsprogram som inkluderar gode språk- og arbeidspraksisplassar.

## 7 TENESTEOMRÅDET OPPVEKST

Kapitlet omhandlar oppvekst- og kulturområdet. Oppvekst er definert som oppvekstsentrata Tuv og Ulsåk, Hemsedal barne- og ungdomsskule (HBU) og Vaksenopplæringa. Kultur omhandlar i denne delen kulturskulen, bibliotektenesta, fritidsklubben og ungdomsrådet. Tenesteområdet omfattar totalt 90 årsverk fordelt på 102 tilsette i fast heimel. Vikarar, tilkallingsvikarar, vaksenopplæringa samt PPT og OT er ikkje medrekna.

I Handlingsprogram for 2018-2021 er det skissert seks overordna målsetjingar for sektoren. Dei skal vise til både lokale og statlege føringar. Tilstandsrapport 2015 som også inneheld tal for 2016 dannar grunnlaget for arbeidsmåla for barnehage og grunnskulen. Kvar av verksemduene bryt overordna mål ned til arbeidsmål. Arbeidsmåla seier kva som skal liggje føre når arbeidet er ferdig.

### 7.1 Overordna mål for sektoren

- Bygningsmasse som tilfredsstiller krav til godt arbeidsmiljø for barn og tilsette
- Barn og unge skal kunne utvikle seg i trygge psykososiale miljø
- Ha tilsette med fagleg og relasjonell kompetanse til å utføre dei oppgåver som stillingar krev
- Nyte ressursane vi har til rådvelde på best mogleg måte for å ta hand om dei oppgåver vi får frå kommunale- og statlege organ
- God samhandling mellom verksemder, etatar og lokalpolitikarar med fokus på tidleg innsats for barn og unge
- Vidareutvikle kvalitetssystemet som sikrar at kommunen fylgjer pålegg i lov og forskrif

Hallingdalsregionen er med i direktoratet si satsing på inkluderande barnehage- og skolemiljø. Våren 2018 skal vi definere tema for satsinga i samarbeid med tilsette.

Gjennom arbeidet med Barnehage- og skulestruktursaka har investeringsbehova vorte synleggjort. Jamfør vedtak i Kommunestyret er plassering av 1.-10. skule fastsett, og vi arbeider vidare med tidsplan for utbygging. Sjå kap. 5.1

### 7.2 Barnehagane i Hemsedal

Ei framskriving av barnetalet frå 2016 fram til 2040 syner at Hemsedal vil trenge fleire barnehageplassar snarast. Kommunestyrevedtaket om garantert plass til 1-åringar, gjer behovet for ombygging/utbygging endå meir presserande. Vedtaket medførte at barnehagane må ha ein viss overkapasitet på barnehageplassar. Oversikten under viser ledig kapasitet.

#### Barnetal i barnehagane - september 2017.

År født:	Total	Tuv	Ulsåk
2016	15	4	11
2015	26	8	18
2014	21	9	12
2013	28	14	14
2012	22	10	12
	22 barn går over til skulen frå hausten 2018		

Etter tal henta frå helsestasjonen i august, reknar ein omlag 28 barn født i 2017.

Drifta i barnehagene i dag er slik:

Tuv	Kroken	Åne	Røggelia
	utvida	utvida	Ordinaer
	Store barn	Små barn	Små barn
	24 plassar	24 plassar	18 plassar
Ledig kapasitet	0 plass	4 plassar (to barn) 1-2 år	5 plassar (to barn) 2-3 år

Ulsåk	Nibbi	Veslehødn	Totten	Geiteberget	Krikken
	kan utvidast	utvida	Kan utvidast	ordinær	ordinær
	Små barn	Småbarn	Små barn	Store barn	Store barn
	18/24 plassar	24 plassar	18/24 plassar	18 plassar (19)	18 plassar (19)
Ledig kapasitet	2 plassar (eitt barn) frå 1.1.18	Fullt	6 plassar (tre barn) Frå 1.1.18	Fullt – med eitt barn over	Fullt – med eitt barn over

Listene er medrekna barn som startar etter 1.1.2018

For barnehageåret 2016-2017 hadde barnehagane i Hemsedal 17 pedagogar med 4 pedagogstillingar på dispensasjon. Av personalet er det tre under utdanning som barnehagelærarar. To av desse er ferdig utdanna hausten 2017. I tillegg er ei ferdig utdanna barne- og ungdomsarbeidar. Dette er ei gledeleg utvikling for barnehagen si faglege tyngde og er i tråd med regjeringa sine mål om auka kompetanse og kvalitet i barnehagen.

Tidleg innsats: I og med at me har vore gjennom ei kompetanseheving (Felles løft for tidleg innsats), og heldt på med kompetanseheving i programmet «Være sammen», fører dette til at vi no kan oppdage dei barna som treng ekstra støtte, tidlegare. Vi har ei generell styrkingsstilling i kvar barnehage, og denne er viktig for å klare å gje barna det dei treng. Målet er at ressursen står i høve til behovet, i tråd med revidert barnehagelov 1.8.2016.

Administrasjonsressurs: Administrasjonsressursen i høve barnetal på både Tuv og Ulsåk er opp mot krav frå fylkesmannen. Det er viktig å ha nok ressurs, både i høve til lovverk og arbeidsmengd.

KUPP – «Kompetanseutvikling i pedagogiske prosessar»: Dette er ei vidareføring av Felles Løft. Utanningsdirektoratet sin rettleiar «Barns trivsel – voksnas ansvar – forebyggende arbeid mot mobbing i barnehagen», dannar grunnlaget for satsinga på barn sitt psykososiale miljø. Fokuset er på korleis foreldre og personalet kan vera ein ressurs for alle barn i arbeidet med det psykososiale miljøet, for å hjelpe barn å skape vennskap og motverke mobbing. Målet er å få dette innarbeidd i alle ledd.

Begge barnehagane implementerer programmet «Være sammen»: «Være sammen» utviklar vaksne og barn sine evner til å bygge relasjonar og ha ei moden forståing av grenser. Her har 4 ressurspersonar utdanna seg til rettleiarar innan dette programmet, og skal saman med resten av personalet drive utviklingsarbeid som fører til kompetanseheving og praksisendring. Her er det behov for å utdanne fleire pedagogar kvart år, slik at etter kvart alle pedagogane har denne utdanninga. Me har starta å involvere foreldregruppa i dette arbeidet gjennom temamøte.

Leiarstøtteprogrammet for styrarar og pedagogiske leiarar: 2 dagars samling for fagleiar og styrarar, og ein dag for alle pedagogiske leiarar vert vidareført, der innhaldet på samlingane blir valt ut utifrå ynskje og behov frå pedagogane. Samlingane vert planlagt saman med utviklingsveilederane som er i prosjektstilling i Buskerud. Desse brukast og i leiarstøtteprogrammet for grunnskulene i Hallingdal.

### 7.2.1 Arbeidsmål for barnehagane 2018

- Vidareføre programmet «Være sammen» og oppretthalde ressursgruppe. Målet er at alle pedagogane vert veiledere i «Være sammen»-programmet.
- Vidareføring av KUPP (kompetanseutvikling av pedagogiske prosessar) med tema :
  - Implementere ny rammeplan. Mål at ein ser Rammeplan 2017 i praksis, gjennom det daglege arbeidet i barnehagen.
  - Matematikk. Mål at barnehagen er med på å leggje grunnlag for matematisk forståing gjennom leik, utforsking og å møte barn si forståing og lærelyst.
  - Digitale verktøy. Mål at personalet skal leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skapar noko gjennom digitale uttrykksformer, og at personalet utøver digital dømmekraft.
- Leiarstøtteprogrammet for pedagogar i barnehagen, med tema barnehagevandring som metode. Inkluderande barnehage- og skolemiljø.
- Gode framtidige barnehagebygg, bygd for formålet. Vi må heile tida vera oppdatert på behovet for barnehageplassar og sørge for backupløysingar dersom det ikkje er plass i dei lokala vi har. Det må vera ledig kapasitet for å kunne ta inn born på venteliste, slik at alle born over 1 år får eit tilbod i løpet av tre månader jamfør vedtekter for barnehagane i Hemsedal
- Fokus på uteområde: Gode og utfordrande leikmiljø
- Rekruttere og behalde tilsette i barnehagen med naudsynt kompetanse  
Nye krav frå 1.8.2018: Det skal være ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år. Det skal vera ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år.  
I dag er kravet i praksis at 33 prosent av dei tilsette i barnehagen må vera barnehagelærarar. Departementet skjerpar det til 43 prosent. Kommunen vil få overføring frå staten til reformen.
- Sikre vaksentettleik med kompetent personale under plantid for pedagogar
- Spesialpedagogisk utdanna personale, mellom anna logoped.
- Alle assistenter får tilbod om å ta fagarbeidarutdanning.
- Ha inne lærlingar kontinuerleg, og marknadsføre kommunen ut mot lærlingar.
- Fleire menn i barnehagane.

### 7.3 Grunnskulen i Hemsedal

Skulane i Hemsedal har dei siste åra jobba mykje med å revidere dei lokale fagplanane etter staten sine skjerpa krav om planarbeid og dokumentasjon av gjennomført undervisning. Dette arbeidet vert no sluttført. Planane skal synleggjere korleis ein kan tilpasse opplæringa og med det ta vare på det pedagogiske behovet for alle elevar. 1.-4. trinn har valt å utsetje dette i prosjektperioden til Felles Løft Steg 3.

Tett oppfølging innanfor tilpassa opplæring krev at ein gjer organisatoriske endringar og at klassane ikkje er for store. Gjennom overføring av kommunale midlar og øyremerka statlege midlar, har vi kunna gi tettare lærardekning for elevar på 1.-4. trinn.

Det er skuleeigar som har ansvaret for at kompetansekrava er oppfylt. Krava for å undervise i grunnskulen vart skjerpa frå 1. august 2015. Det krev mykje organisering av leiinga ved skulane når dei over tid må ha mange av sine tilsette i vidareutdanning. Kravet for å undervise er 30 studiepoeng på 1.-7. trinn og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet fram mot 2025 i faga norsk, matematikk og engelsk.

Vi vil ha fokus på pedagogisk nytenking og arbeidsplassar som er godt fysisk tilrettelagt. Det gjer oss attraktive som arbeidsplass for nye søkjrarar og bidreg til å halde på dei lærarane vi har. Det er også positivt at Hallingdalskommunane samarbeider om vidareutdanning i Hallingdal.

Sju lærarar er i vidareutdanning der vikarkostnaden vert finansiert av statlege midlar jf. staten sitt utdanningsprogram. Kommunen betalar reise, bøker og opphold for dei som er under utdanning. Frå og med hausten 2017 får lærarane vidareutdanning i engelsk på Gol av Høgskulen på Vestlandet. Denne hausten kartlegg vi behovet for vidareutdanning i alle kommunane og set opp ein plan for vidareutdanning på Gol fram til 2022.

Hausten 2015 vart det auka krav til kompetanse i symjing. Symjing for elevar på 1.-4. trinn har vore ei tilbakevendande utfordring med leige av symjehall i Borgund, Gol eller Torpo. Denne hausten er det inngått avtale med Nes. Elevar frå 3. og 4. trinn på begge skulane vert frakta dit for å få gjennomført opplæring i symjing.

Dei siste åra har skulane vore med i store nasjonale og lokale prosjekt og arbeidet no blir å få desse over i varig drift. Vi har derfor stor aktivitet i grunnskulen. Det er svært viktig at skulane får rom og tid til å fullføre det som er sett i verk. Alle tre skulene er no med i «Felles løft Steg 3» som tek for seg språkvanskars og lesestrategiar. Felles Løft Steg 3 har fokus på å utarbeide gode tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Skulane bruker «skulevandring» som metode for å utvikle ein lærande skule.

### 7.3.1 Arbeidsmål for grunnskulen 2018

#### Følgje opp og vidareføre prosjekta og satsingsområda:

Eit godt psykososialt miljø:

- HBU, Ulsåk og Tuv skular reviderer og implementerer ny plan for å sikre elevane sitt psykososiale miljø i tråd med at §9A endra lov.
- Trivselslederprogrammet skal innarbeidast 2016-2019 på Ulsåk og Tuv
- Fokus på digital mobbing gjennom prosjektet «Veke 6» på HBU.
- «Kjærlighet og grenser» skal gjennomførast i samarbeid med helsestasjon.
- Systematisk kartlegging av arbeidsmiljøet til eleven gjennom lik trivselsundersøking frå 3.-6. klasse og UDIR sin elevundersøking frå 7.-10. klasse

Elevar og foreldre skal oppleve skulen som ein trygg og god læringsarena som set likeverd og toleranse i sentrum:

- Tilsette skal nytte tileigna kompetanse frå Relasjonsskuleprosjektet inn i arbeidet med klasseleiing og elevsamtal. Frå prosjekt til varig drift.

#### Vurdering:

- Jobbe aktivt for at teoriar frå prosjektet «Vurdering for læring» blir innarbeidd i lærarane sin praksis på HBU: Gi meir eksakt underveis-melding, framovermelding og medverke til betre sluttvurdering.
- Samle og samanhælte vurdering og kartleggingar, slik at læraren kan tilpasse undervisninga og følgje opp den enkelte elev ved hjelp av systemet Insight (VOKAL)
- Styrke basisfaga for elevane med svakast resultat. Gi fagkurs.

#### Oppretthalde det faglege nivået hjå tilsette:

- Skulane skal vere attraktive arbeidsplassar med fagleg og pedagogisk engasjement. Vert synleggjort i medarbeidarundersøkingar.
- Skulane i Hemsedal skal leggje til rette for at lærarane kan delta i direktoratet si satsing "Kompetanse for kvalitet". 3-4 lærarar i vidareutdanning gjennom vikarordning eller stipendordning. Arbeide for at vidareutdanningstilbodet i Hallingdal vert forlenga.
- Innarbeide i Kompetanseplanen behovet for vidareutdanning av tilsette for å imøtekome statlege krav til undervisningskompetanse i grunnskulen jf. Forskrift til Opplæringslova § 14-2

- Nytilsette lærarar og barne- og ungdomsarbeidrarar vert oppdatert innanfor satsingsområda med eigne oppfølgingskurs slik at kompetansen blir verande i verksemda. Tidfesta i årshjul.
- Rektornettverk i Hallingdal. Leiarstøtteprogram for rektorar. 2 dagars samling for leiarar i samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane med fokus på regionale prosjekt.

**Gode overgangar:**

- Få på plass årleg møteplan der vidaregåande- og grunnskulerektorar, PPT og skulefagleg ansvarleg møtes.
- Definerer mål for god overgang (forsering og tilpassing) samt å hindre fråfall frå VGO

**Opplæring, kvalitetssystem:**

- Reduksjon av spesialundervisning frå 11,2% til 8% over ei fireårs-periode ved å innarbeide fagkurs i den obligatoriske undervisninga.
- Syste for nok delingstimar i skriftlege fag slik at elevane får oppfylt krav om målform. Opplæringslova § 2-5 Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid.
- Ha eit forsvarleg system som sikrar at lovpålagte pålegg vert følgde, jf. Opplæringslova med forskrift og Forvaltningslova §9a og Kapittel 5 i opplæringslova.
  - ✓ Kvalitetssystemet skal sikre at alle tilsette har oppdatert kjennskap til lovverk og handlingsplanar.
  - ✓ Rapportere endringar til rektor og etatsleiar fire gonger årleg.
- Utarbeide Opplærings- og kartleggingsplan for fleirspråklege
- Utarbeide språk- og leseplan for 1.-10. trinn

**Krise og beredskap:**

- Ha eit forsvarleg system for Krise og Beredskap innanfor aktuelle scenario i barnehage og skule. Innarbeide dette i Kvalitetssystemet.
- Meir synleg informasjon på nettsidene.
- Utarbeide rutine for oppdatering av Hemsedal kommune sine nettsider. Ansvarsfordeling og innhald vert avklara.

**Strukturarbeid:**

- Starte eit treårig arbeid for samanslåing av Ulsåk og Tuv skular med Hemsedal barne- og ungdomsskule, pedagogisk og administrativt.
  - ✓ Arbeide ut ein plan for overføring – «Frå tre til ein»
  - ✓ Utarbeide rom og funksjonsanalyse for «Hemsedal skule»
  - ✓ Utarbeide ein backup-plan dersom bygga våre ikkje rommar elevane og barnehagebarn

## 7.4 Hemsedal folkebibliotek

Biblioteket er ein ikkje-kommersiell møtestad for fastbuande og tilreisande. Biblioteket har stor aktivitet og mykje besøk, og har i mange år hatt det høgaste utlånet pr. innbyggjar i Buskerud. Biblioteket er skulebibliotek for Hemsedal barne- og ungdomsskule og har ansvar for drifta av biblioteka ved skulane på Tuv og Ulsåk.

I revisjonen av Biblioteklova, med verknad frå 01.01.14, vert den fysiske og digitale møteplassfunksjonen og biblioteket sitt ansvar for formidling, understreka. I enno større grad enn tidlegare, krev dette at dei tilsette sin kompetanse på desse områda vert styrkt og halde ved like. Vi brukar i dag mykje tid på formidling og å vera samarbeidspartner ved ulike arrangement, som t.d. utstillingar, møter og konserter. Dette er ein viktig del av bibliotekarbeidet, men det er ei utfordring at det tek mykje tid. Det går ut over det daglege arbeidet

med å halde samlinga vår ved like, fornye og gjere den attraktiv, og vi har mindre tid til å halde oss oppdatert på ny litteratur, både for barn, ungdom og vaksne. Vi har ikke midlar til å setje inn vikar ved sjukdom, kurs og møter. Dette går også ut over det daglege arbeidet, og hindrar oss i å kunne delta på møter og kurs, og auke kompetansen vår. Det er difor viktig at det vert jobba med å auke stillingsressursane ved biblioteket.

Utlånet ved Hemsedal bibliotek er høgt, spesielt er utlånet av bøker til barn høgt, samanlikna med andre kommunar i Buskerud. Det er viktig at barn og unge les bøker, for å styrke og oppretthalde leseferdigheita. Saman med skulen arbeider vi aktivt for å gje barn lesegleda, ved å ha tilgang på god og allsidig litteratur og formidle den. Frå hausten 2017 har vi starta opp med jamlege bokpresentasjonar for alle klassene ved HBU. Vi vil vidareutvikle samarbeidet mellom skule og bibliotek, og det er viktig at biblioteket er med i planarbeidet ang. utbygginga av HBU.

I 2017 fekk biblioteket tildelt 100.000,- i prosjektstøtte frå Nasjonalbiblioteket for å utvikle tenestene til studentar i Hemsedal. Vi er godt i gang med prosjektet, «Høgskulebiblioteket 622 moh», med kurs både for tilsette ved biblioteket og studentar. Vi håpar at vi med dette kan utvikle eit betre tilbod til dei mange studentane som er busett i Hemsedal, legge til rette for livslang læring og gjere biblioteket til ein fysisk og digital lærestad.

#### 7.4.1 Arbeidsmål for Hemsedal folkebibliotek 2018

- Hemsedal folkebibliotek skal vera ein kulturarena og drive aktiv formidling av informasjon, kunnskap og kultur med fokus på kvalitet, aktualitet og allsidigkeit. Biblioteket har ein svært sentral plass som kulturformidlar i kommunen. Det vert nytta til ulike arrangement som Trøll i ord, minikonsertar og liknande, og skal vera ein god samarbeidspartner for lag og organisasjoner.
- Gjennomføre prosjektet «Høgskulebiblioteket 622 moh». Utvikle tilbodet vårt til studentar busett i Hemsedal, slik at biblioteket kan tilby tenester til desse på same måte som høgskulebibliotek. Til dette treng vi meir eigna møblar til møterommet/studierommet, slik at vi kan legge betre til rette for studiegrupper.
- Biblioteket skal leggje vekt på at tilboda skal ha høg kvalitet, vere aktuelle og allsidige med ny tilvekst av trykte medier, e-medier og vedlikehald av eksisterande biblioteksamling.
- Biblioteket skal samarbeide med skulane, og gode samarbeidsrelasjonar og ulike former for leseltak skal vere ein del av bibliotekverksemda. Vi skal halde fram med jamlege bokpratarar for alle klassetrinn, gje dei informasjon om ny litteratur og gje dei lesegleda. Vi vil sende jamlege nyhetsbrev til norsklærarane.
- Profilere og marknadsføre biblioteket på heimesida til kommunen, Kommuneposten, eigen heimeside og sosiale medier.

### 7.5 Hemsedal kulturskule

Kulturskulen skal gi alle elevar som ynskjer det moglegheit til å utvikle kunnskap og dugleik i kunstfag og finne og formidle eigne kunst og kulturuttrykk. Skulen skal vise variasjon og styrke eleven sine estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse samt styrke eleven sin kritiske refleksjon og evna til å ta sjølvstendige val.

Som lokalt ressurssenter, skal skulen samarbeide med kulturlivet og skulane og bidra til å styrke det kulturelle mangfald gjennom opplæring og formidling. Hemsedal Kultursal med galleriet og områda rundt, både inne og ute, er gode lokalitetar for slikt samarbeid.

Vi har lagt om tilbodsstrukturen i Kulturskulen skuleåret 2017/18 og har til saman 7 lærarar frå 40% til 5% stillingsprosent som underviser 101 elevar. Fleire av elevane har meir enn eit kurs, så totale aktive kursplassar er 143. Det vert gjeve fleirfagsrabatt og søskenrabatt på 25%. Vi har teke inn ein vaksen på instrumental, men fleire vaksne er interessert, så her har kulturskulen eit potensiale. Det er 16 elevplasser på venteliste.

Vi har undervisning i keramikk, animasjon/teikning, dans, band, toradar samt individuell undervisning i piano, fiolin, gitar, bass-gitar og el-gitar.

Vi har tre elevar på venteliste på piano denne hausten. Det er plan om ei workshop-helg i Laus/Frikar og korprosjekt som vil inkluderer 4 ettermiddagar samt ein helge workshop. Vi vurdere også workshop i hipp hopp/popping. I haust har kulturskulen undervisning på HBU i tillegg til i kulturskulelokala på kommunehuset.

#### **Arbeidet med ny rammeplan.**

Hallingdal kommunane arbeider tett saman i eit rektornettverk (saman med skuleeigarar, ressurslærarar og politikarar) om å utvikle ei ny felles rammeplan for kulturskulane og deltek i Norsk Kulturskuleråd sitt vegleiarkorps.

Norsk Kulturskuleråd sitt mål er å utvikle lokalt utarbeida læreplanar og kvalitetssikringssystem jamfør den nye rammeplanen «Mangfold og fordypning» og bruke denne, etter politisk vedtak i den enkelte kommune, og i alle norske kommunar innan 2018-19.

#### **7.5.1 Arbeidsmål for Hemsedal kulturskule 2018**

- Hemsedal kulturskule skal kunne tilby elevane høg fagleg og pedagogisk kvalitet på undervisninga. Kulturskulen skal samstundes kunne nytte flinke lokale lærarkrefter som har lang erfaring i faget der pedagogar manglar. Vi er alltid på jakt etter nye og engasjerte lokale lærarkrefter som kan vidareformidle sin kunnskap. Korte workshop med sentrale kunstnarar/aktørar i tillegg, meiner vi stimulerer til auka kreativitet og impulsar gjennom skuleåret.
- Vi vil vidareutvikle tilboda for vidarekomne elevar i kulturskulen gjennom eit talentprogram, støtta av Norsk Kulturskuleråd.
- Vi ynskjer å leggje til rette for ein friplass for særskilt aktiv kulturskuleelever.
- Sette i verk kurs som inkluderer, integrerer og utviklar elevane.
- Fleire vaksne melder interesse for kulturelle tilbod / aktivitetar, så vi vil arbeide for å kunne gje tilbod også til denne gruppa i kulturskulen.

#### **7.6 Ungdomsklubben**

Ungdomsklubben er ein viktig møteplass for ungdomen. Besøkstalet er på mellom 15 og 40 på fredagar, onsdagar og måndagar mellom 10-30 besøkande. Lokalet er rusta opp og ungdommen har bidrige i arbeidet. Ungdomsklubben er avhengig av stabile vaksne for å skape eit trygt og godt miljø der alle blir sett. Det er no ein stabil stab i opningstida fredagar frå 19:00-23:30 (8. trinn og oppover) og på måndagar og onsdagar (7.-10. trinn) som er open etter skuletid til kl.17:00. Klubbrådet med to representantar frå kvart trinn har høve til å påverke drifta av klubben som til dømes innkjøp, events og andre tiltak.

#### **7.6.1 Arbeidsmål for Ungdomsklubben 2018**

- Vidareutvikle klubben som ein attraktiv, artig, heilt rusfri og trygg plass for ungdomen
  - Godt psykososialt miljø der det er 0-toleranse for mobbing
  - Vidareutvikle tilbodet med spel og aktivitetar
  - Utvikle skatepark på uteområdet saman med ungdomen

- Klubben skal vera innbydande for ungdommen og med godt reinhald og god standard
  - Ungdomane skal bidra meir til drift av klubben
- Utvikle Klubben som ein viktig arena der bygda sine ungdomar og ungdomar med annan etnisk bakgrunn, etablerer gode relasjonar
- Det skal stellast i stand lokale og felles rusfrie arrangement for ungdom i Hallingdal, også på andre arenaer enn Ungdomsklubben. Ungdommen skal sjølve delta i drifta av klubben og i planlegging og gjennomføring av arrangement mellom anna UKM. Klubben er no del av klubbkrets i Hallingdal som skal jobbe målretta med felles rusfrie ungdomsarrangement i Hallingdal. Hemsedal ungdomsklubb får tilskot frå Frifond til drift.
- Stabil stab med dyktige medarbeidarar.

## 8 TENESTEOMRÅDE HELSE OG OMSORG

Helse og omsorgsetaten har omfattar 9 avdelingar med ca 70 årsverk. Hallingdal barnevern, NAV, miljøretta helsevern og Hallingdal krisesenter er ligg under helse og omsorgsetaten sitt budsjettområde.

Det er 10 intermediære sengeplassar , inkludert KAD plassar ved Hallingdal sjukestugu. I Hallinghelse er det 1,5 årsverk som samhandlingsleiar, koordinator for folkehelse og koordinator for kompetanse, læring og meistring. I 2017 oppretta USHT 50 % regional koordinatorstilling som er knytt til Hallinghelse. Det er fleire regionale prosjektstillingar innan mellom anna velferdsteknologi, innovativ rehabilitering, ein heilskapleg modell for samhandling og tidlig identifikasjon rundt risikoutsette barn og unge i Hallingdal.

Det er ei rekke interkommunale fag og styringsgrupper. I tillegg er Hemsedal med i kommunehelsesamarbeidet – 26 kommunesamarbeidet. Det er sett i verk ei rekke prosjekt, kurs og kompetansehevande tiltak.

### **Strategiske planer og andre føringar**

- [Helse- og omsorgstjenesteloven](#)
- [Folkehelseloven](#)
- Samhandlingsreformen – økte krav til kommunale tjenester
- [St.meld. 26 \(2014-2015\) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet](#)
- [Morgendagens omsorg – st. meld 29 \(2012-2013\)](#)
- [Kvalitet og pasientsikkerhet 2015 – st.meld 33 \(2016-2017\)](#)
- [Omsorg 2020 – regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015 – 2020](#)
- [Demensplan 2020](#)
- Nye sentrale forskrifter
  - [Forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenestene](#)
- Rettleiarar
  - [«holde orden i eget hus» om internkontroll](#)
  - [...og bedre skal det bli!» om kvalitet i tjenestene](#)
- Nye rettleiarar innan
  - [Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse og omsorgtjenestene – IS-IS 2620](#)
  - [Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom](#)
  - [Rettleiar for kommunale Frisklivsentralar](#)
- [Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet \(2015–2020\)](#)

- [Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering \(2017-2019\)](#)
- [Høring – oppfølging av primærhelsetjenestemeldingen og oppgavemelding.](#)
- Interne handlingsplaner
- Avtaler som regulerer samhandling mellom kommuner og helseforetak.

#### **Endra styringssignal/rammevilkår**

- Ny akuttforskrift har trådd i kraft i løpet av 2015, kompetansekrav til legar i kommunal legevakt frå 2018.
- Ansvar for ei rekke lærings og meistringskurs og rehabiliteringstilbod som spesialisthelsetenesta tidlegare har hatt ansvar for.
- En ny stortingsmelding – Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – legg føringar for vidare utvikling av tenestene. Satsingsområder :
  - samhandling gjennom organisering av tverrfaglege team
  - kompetanseheving på alle nivå og eit godt leiarskap, utvikling av handlingsplan for rekruttering og kompetanseheving og etablering av en leiarutdanning i de kommunale helse- og omsorgstenestene
  - tilrettelegging for etablering av primærhelseteam gjennom endringar i regelverk og finansieringsordningar
  - tilrettelegging for etablering av oppfølgingsteam for brukarar med store og samansette behov
  - plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
  - forsøksordning med statleg finansiering av omsorgstenestene
  - lovfesting av rett til heildøgns pleie og omsorg og vurdering av å fastsette kriteriar for heildøgns omsorgsplassar, utarbeiding av ein plan i samarbeid med KS som bygger på ein føresetnad om netto tilvekst av heildøgns omsorgsplassar
  - førebyggjande heimebesøk for eldre
  - innføring av kvalitetsindikatorar mellom anna basert på brukar- og pårørandeerfaringar og igangsetting av eit kvalitetsutviklingsarbeid for sjukeheim
  - mål om å etablere samanhangande behandlingsforløp for personer med rusproblem.
  - lovfesting av kommunens plikt til å ha psykologkompetanse, krav om kommunepsykolog frå 2020
  - Oppretting av ambulante tverrfaglege team innan psykisk helse
  - innføring av kommunal ø-hjelp døgnplikt også for psykisk helse- og rusområdet fra 2017
  - innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling tidligast frå 2017
- Høringsnotatet om primærhelsetjenestemelding og oppgavefordeling inneholder lovforslag mellom anna til:
  - *Krav om at kommunen må ha knyttet til seg lege, sykepleier, fysioterapeut, helsesøster og jordmor fra år 2018.*
  - *Krav om at kommunen må ha psykolog, ergoterapeut og tannlege knytt til seg fra 2020.*
  - *kommuner får rettleatingsplikt overfor spesialisthelsetjenesten.*
  - *Tydeliggjøring av kommunens ansvar for pasient-, bruker- og pårørendeopplæring.*
  - *Tydeliggjøring av helse- og omsorgstjenestens ansvar for å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep.*
  - *overføre ansvaret for tannhelsetjenester fra fylkeskommunene til kommunene*
  - *Tydeliggjøring av kontaktlegeordningen for alle helseinstitusjonar som omfattes av spesialisthelsetjenesteloven.*
  - *Tydeliggjøring av kommunens plikter når det gjelder psykososial beredskap og oppfølging.*

## 8.1 Sentrale utfordringar for etaten

Kommunen har ansvaret for tenestetilbodet til alle som har behov for helse- og omsorgstenester uansett omfang, alder og diagnose. Gode tilstrekkelege tenester i rett tid er viktig for å meistre av kvardagen og arbeidsliv trass sjukdom eller nedsett funksjonsevne. Høve til å delta i kultur og sosiale aktivitetar er viktig for dei fleste for å oppleve ein god livskvalitet. Rett kompetanse, fleksible tenester, innovasjon og omstilling vil vere viktig for å kunne klare å dekke innbyggjarane behov for tenester i åra framover. For å få dette til vil det vere viktig med tverrfagleg samarbeid, førebyggjande tiltak, tidleg innsats, aktivisering og bruk av velferdsteknologiske løsningar.

Helse og omsorgstenestene må jobbe vidare med bli rusta til å møte nye utfordringar og krav som blir stilt gjennom nytt lovverk, nasjonale føringer og avtaleverk. Dette har innverknad på inntekts- og utgiftsida til kommunen. For å løye alle nye oppgåver må vi samarbeide regionalt for å kunne gje betre, meir effektive og fleire tenester, samt ha naudsynt kompetanse på alle områder.

Det er fleire brukarar i alle aldersgrupper med eit meir samansett tenestebehov. Dette gjeld brukarar med langvarige og kroniske sjukdommar, funksjonsnedsettingar, psykiske og sosiale problem. Det er viktig med god samordning og heilskapleg tenestetilbod. For fleire tenesteområde er det stor etterspurnad for tenester både frå dei som bur i kommunen, men og frå turistar og sesongarbeidarar. Sesongen er blitt lengre og dette fører til at arbeidsbelastninga for desse tenestene blir tilnærma konstant.

Både barn og unge, vaksne og eldre blir utsett for vold i nære relasjoner. Denne type vold er ofte skjult og forbundet med mykje skyld og skam. Det er viktig at de i som blir utsett for vold, familien og valdsutøvar får hjelpe til å bryte ein negativ utvikling.


### Fokusområder

#### Førebyggjande og helsefremjande arbeid

Samfunnsutvikling og samhandlingsreforma fordrar kommunen til å styrke førebyggjande og helsefremjande arbeid samt å legge til rette for eigenmeistring. Samstundes som ein skal oppretthalde og vidareutvikle det tenestetilbodet som kommunen allereie gir.

I lovverk og nasjonale føringer blir det lagt vekt på styrking av skulehelsetenesta og psykisk helsearbeid. Det er ønskjeleg å gjennomføre prosjekt med familieteam og etablere oppsøkjande tenester / miljørarbeidarteneste for familiar som har behov for råd og rettleiing. Dette kjem fram og av gjeldande kommuneplan. Ved å styrke kompetanse og ressursar innan helsestasjonstenesta, psykisk helse fysioterapi, slik at dei kan jobbe meir førebyggjande og med tidleg intervenering, vil dette kunne hindre kostnadskrevjande tiltak for barn og unge seinare i livet.

I følgje omsorgsplan 2020 skal det leggjast større vekt på aktivisering både sosialt og fysisk og ei auka merksemد på brukaren sitt sosiale, eksistensielle og kulturelle behov. Frå 2015 har kommunen ein plikt til å ha aktivitetstilbod for eldre, funksjonshemma og andre som har behov for dette. Frå sentralt hald er det satsa på utbygging av dagaktivitetstilbod for personer med demens. Aktivisering, både kulturelt, sosialt og fysisk krev tverrfagleg samarbeid, samarbeid med private aktørarar og frivillige lag og organisasjonar.



Mange barn, ungdom og unge vaksne har behov for miljøarbeid, praktisk bistand, sysselsetning og aktivitetstiltak for å oppnå sosiale ferdigheter og ta del i dei aktivitetstilbod som fins. Tidleg innsats, god kompetanse, fleksibelt personell og gode koordinerte tenester er viktige suksessfaktorar. Det er også viktig at kommunen knytt til seg spesialistkompetanse frå spesialisthelseteneste og kompetansesenter når det er behov for det.

Det er sett i verk mange tiltak og prosjekt for både vaksne og barn som det er viktig å vidareføre og vidareutvikle. I 2016/2017 har kommunen hatt 50 % prosjekt stilling som familiekonsulent samt ca 40 % stilling som jobbar med lågterskeltilbod for barn og unge rett etter skuletid.

Det er etablert ei ernæringsnettverk i Hallingdal og det er ei ernæringsgruppe i Hemsedal. Godt og riktig kosthald er viktig for å oppretthalde god helse. Det er viktig å kartlegge og sette i verk individuelt tilpassa kosthaldsplana for personar som er i risikogruppa for underernæring.

#### Rusførebyggjande arbeid

Regjerings opptrapningsplan for rusfeltet omfattar heile rusområdet og inneheld tiltak innan førebygging, behandling, rehabilitering og oppfølging. Førebygging skal bidra til å hindre at rusmiddelproblem oppstår og utviklar seg. Tidlig intervension er arbeidet med å identifisere og handtere ei problem på eit så tidlig tidspunkt at problemet forsvinn eller blir redusert med avgrensa innsats. Det inneberer å fange opp mogleg problemutvikling tidlig hos barn og unge, vaksne og eldre. Tidlig intervension rettar seg mot den som brukar rusmidlar, barn av- og pårørande til personer med eit problematisk rusmiddelbruk.

#### Leiing og teamorganisering

Det blir meir komplekse og samansette helse og omsorgstenester som kommunane skal yte. Dette stiller høge krav til leiing og gode koordinerte tenester, der ein nyttar kompetanse og ressursar på tvers. I primærhelsemeldinga blir det peika på 4 områder der det er viktig å etablere og styrke fleirfagleg team / ressursteam; Barn og unge, psykisk helse, rehabilitering og omsorg.

Innan helse og omsorgsetaten er det fleire avdelingsleiarar som har lite tid avsett til leiing i høve til tenesteyting. Tverrfagleg og tverrretateleg samarbeid både i kommunen, interkommunalt med spesialisthelsetenesta krev ressursar ikkje minst frå leiinga. Det er viktig at det blir lagt til rette for at leiarane kan ta del i relevante leiarutviklingsprogram. Det blir også viktig å sjå om dagens organisering og leiarstruktur klarar å møte dei utfordringar, krav og behov for koordinerte og innovative tenester. Det er også viktig å styrke samhandling og samarbeid mellom leiarane i etaten, for å få til best gode pasientforløp / tiltakskjeder og utvikling av fleirfagleg team / ressursteam.

#### Kvardagsrehabilitering

Hemsedal kommune deltok i 2017 i KS sitt effektiviseringsnettverk- hverdagsrehabilitering.

Kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine egne ressursar, ønskjer og personlige mål for tenesteutforminga. Tidleg tverrfaglig kartlegging av rehabiliteringspotensialet hjå brukaren og tilsvarande tidleg og intensiv opptrening skal auke meistringsevna og reduserer behovet for hjelp frå det offentlege. Dette vil frigje tid slik at heimeteneste kan bruke ressursar der det er mest behov og til å jobbe enno meir førebyggjande. Dette er endringar som krev haldnings- og kulturendring. Dette krev mye informasjon, motivasjon og oppfølging

**FRÅ:****«Kva er problemet du trenger hjelp til»****TIL:****«Kva er viktige aktivitetar i ditt liv som du ønskjer å meistre?»**

Det er oppretta eit tverrfagleg team som i samarbeid med heimetenesta står for opptreninga på brukarens naturlige arenaer, som er i heimen og nærmiljøet. Mål til ressursteamet er å gje «*personar med funksjonssvikt skreddarsydd rehabiliteringsstilbod med fokus på å oppnå ein betre kvardagsmeistring. Kvardagsrehabilitering skal bevare, vedlikehalde og styrke brukarens funksjonsnivå og helse, og dermed utsette meir omfattande pleie.*»

Hemsedal har fått prosjektmidlar til kompetansehevande tiltak innan kvardagsrehabilitering. Det er eit vilkår at dette blir sett i samanheng med regionalt prosjektarbeid innan velferdsteknologi.

For å lykkast i implementerings- / omstillingfasen fasen er det nødvendig med tilstrekkeleg ressursar.

### Velferdsteknologi

Det blir stilt større krav og moglegheiter med godt utbygd IKT-løysingar, digitalisering, telemedisin og velferdsteknologi. Dette vil stille krav til kompetanse, ressursar og det vil bli eit investeringsbehov. Ved å ta i bruk teknologi og samarbeid med spesialisthelsetenesta vil fleire kunne bli behandla i kommunen og få tenester i eigen heim.

#### Velferdsteknologi kan bidra til

- enkeltindividet gis moglegheit til å meistre eige liv og helse betre ut i frå eigne premissar
- førebygge fall , einsemd og kognitiv svikt
- at personar med behov for helse og omsorgstenester kan bu lengre heime
- betre kvalitet og fleksibilitet i tenestene
- eit betre samvirke med nærmiljø, frivillige og pårørande

Hallingdalskommunane har i regi av hallinghelse starta eit velferdsteknologiprosjekt som består hovedsakelig av tre prosjekter:

- Tjenesteinnovasjon
- Pilot
- Anskaffelsesprosess

Mål med prosjektet er at kommunane i fellesskap skal kome fram til løysingar rundt velferdsteknologi som vil hjelpe oss i å møte utfordringane med eldrebølgja og eit auka tenestebehov. Dette vil innebære mellom anna i sette i verk og koordinere arbeidet med implementering av velferdsteknologiske løysningar i omsorgstenestene. Dette er eit omfattande prosjekt det det er 100 % prosjekteiar og der det minimum bør vere 20 % ressurs i kvar kommune.

### Ressursteam for personar som treng koordinerte tenester

Mange barn, ungdom og unge vaksne har behov for miljøarbeid, praktisk bistand, sysselsetning og aktivitetstiltak for å oppnå sosiale ferdigheter og ta del i dei aktivitetstilbod som fins. Tidleg innsats, god kompetanse, fleksibelt personell og gode koordinerte tenester er viktige suksessfaktorar. Det er også viktig at

kommunen knytt til seg spesialistkompetanse frå spesialisthelseteneste og kompetansesenter når det er behov for det.

### 1. Demensteam

Det blir fleire yngre personar med demens som i peiodar vil kunne krevje mykje ressursar. Dette er eit område som det blir jobba vidare med i Hallingdal. Samstundes er det viktig at vi har eit godt og kompetent demensteam i kommunen. Tidleg avdekking, tidleg innsats, gode lærings og meistringstilbod, pårørandeskuler og gode aktivitetstilbod vil bidra til at den enkelte får gode kvardagar, hindre for stor slitasje hjå pårørande og utsette meir kostnadskrevjande tilbod. I Hemsedal er det oppretta eit demensteam. Det er i tillegg eit regionalt demensteam som mellom anna jobbar med kompetansehevande tiltak.

### 2. Tverrfagleg team innan psykisk helse, heimeteneste fysioterapi/friskliv

Talet på personar med psykisk og rusrelaterte helseplager vil auke og mange vil i periodar ha behov for omfattande og koordinerte tenester.

Det er oppretta eit tverrfagleg team med ressurspersonar frå heimesjukepleie, fysioterapi, Friskliv og psykisk helse. Det er etablert eit tilbod om gruppetrening. Det blir også jobba tverrfagleg i høve til eldre og deira psykiske helse.

Eldre er ei samansett gruppe og vi behandlar dei ofte ut i frå somatisk funksjonstap, men det blir også fleire eldre som har sine psykiske utfordringar.

- Høg alder aukar risiko for sjukdom og tap av funksjonar
- Tap av nære personar
- Sosial isolasjon og einsemd
- Auke i tal på demens
- Det blir fleire eldre med annan kulturell, religiøs og språkleg bakgrunn

### 3. Regionalt ressursteam innan autisme og utviklingshemming

Hemsedal er vertskommune for eit regionalt prosjekt med interkommunalt ressursteam innan autisme og utviklingshemming. Målet er å ha nødvendig kompetanse, gje råd og rettleiing og bistå med tiltak for både brukarar, pårørande og tilsette. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Glenne kompetansesenter.

### 4. Tilbod om aktivitet rett etter skuletid

Det er eit samarbeidsprosjekt mellom skule, fritidsleiar og helse og omsorg om eit aktivitetstilbod for elevar rett etter skuletid. Det blir også sett i verk tilbod om mindre og lukka grupper dersom det er elevar som har behov for å bli trygga i sosiale relasjonar med andre.

#### Brukarmedverknad, tilbod og samarbeid med pårørande

Brukane og deira pårørande er ein viktig ressurs både i eit helsefremjande - og eit rehabiliteringsperspektiv. Brukaren kjänner sjølv best kvar skoen trykkjer og det blir viktig å ha fokus på brukarmedverknad ved utforming av tenestetilbod. Godt samarbeid og involvering kan gje ei auka kjensle av meistring og tilfredsheit, føre til færre symptom, betre livskvalitet med meir.

Pårørande har kjennskap og kunnskap om brukaren/pasienten, dei tek ofte på seg omsorgsoppgåver og er ein viktig person i nærmiljø. For å få til gode forswarelege individuelle tenester er eit nært samarbeid med pårørande når brukar ønskjer det viktig. Pårørande er ein viktig ressurs og det er viktig at kommunen samarbeider om kva for støtte og informasjon som dei har behov for og erfaringsutveksling mellom dei kommunale tenestene og pårørande.

### 8.2 Felles mål for etaten

- Styrke tverrfagleg samarbeid ved å vidareutvikle fleirfagleg team og ressursgrupper
- Kompetanseheving og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar
- Implementere kvardagsrehabilitering både innan somatikk og psykisk helse
- Vidareutvikle etisk refleksjon i alle einingane
- Styrke tverrfagleg samarbeid i høve til førebyggjande arbeid for barn og unge og deira omsorgspersonar
  - Samarbeide med oppvekstetaten og andre samarbeidspartar med fokus på tidlig innsats og styrking av kommunens helsefremmjande og førebyggende arbeid
  - Videreutvikle psykisk helsetjeneste til barn og ungdom
  - Etablere ressursteam / familieteam – ei dør inn til alle tenestene
- Utvikle aktiv omsorg, styrke dag- og aktivitetstilbod, i samarbeid med frivillige og inn på tunet tilbydarar
- Tilbod om fysisk aktivitet som eit aktivitetstilbod til ulike alders- og brukargrupper
- Utvikle ei godt og samordna miljøterapeutisk tilbod til personer med utviklingshemming, demensomsorg og rus/ psykisk helse
- Styrke brukarmedverknad og ha eit godt samspel i utforming av tenester mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresette/pårørande
- Styrke kompetanse hjå personell for å kunne gje god informasjon, opplæring og rettleiing for brukarar og pårørande
- Vidareutvikle tilbod ved Frisklivssentral og samarbeid i Hallingdal om kompetanse, lærings og mestringstilbod for både brukarar og pårørande
- Utvikle i samarbeid med andre tenester gode heilskaplege pasientforløp, tiltakskjeder og saumlause tenester
- Ferdigstille handlingsplan mot vold i nære relasjoner.

### Prioriterte tiltak i 2018

- Endring i driftsform for legekontor – styrking av legeressurs, hjelpepersonell
- Etablere familieteam – familiekonsulent
- Styrke tverrfagleg førebyggjande arbeid og tidleg innsats for barn og unge og deira omsorgspersonar.
- Implementering av velferdsteknologi
- Implementering av kvardagsrehabilitering

### 8.3 Arbeidsmål for dei ulike fagområda

#### Administrasjon

Det er strengare krav til saksbehandling, journalføring, internkontroll/ kvalitetssystem innan alle områder. Det skjer mykje innan for IKT som skal implementerast i etaten. Det er auka krav til rapportering for dei ulike tenestene. Det er eit større omløp av pasientar, behov for å delta i ulike samarbeidsmøter både lokalt og regionalt. Det blir og brukt meir tid til dialog og samarbeid med brukar og pårørande. Dette krev stadig meir ressursar og tid samtidig som ein skal ha tid til plan-, strategi- og utviklingsarbeid.

Tilsette er den viktigaste ressursen kommunen har for å gje gode tenester. Det er derfor viktig å bruke ressursar til personal- og kompetanseutvikling.

### **Arbeidsmål i planperioden**

- Arbeid med helse og omsorgsplan skal settast i gong, der tidlegare del og fagplanar blir inkludert
- Tal på tilsette med fagkompetanse og vidareutdanning skal aukast i samsvar med kompetansebehov og kompetanseplan
- Styrke leiarkompetanse i etaten
- I samarbeid med tillitsvalte og verneombod utarbeide fleksible og gode arbeidstidsordningar som tek vare på både brukarane og tilsette sine behov, og som gir ei best mogleg kvalitativ og effektiv tenesteyting.
- Nytte prosjektarbeid for å styrke og utvikle tenestene.
- Ta i bruk og vidareutvikle elektronisk arbeidsplanverktøy, e-rom, mobilpleie m.v
- Gjennomføre ROS- analyser
- Ha eit funksjonelt kvalitetssystem
- Arbeide for at pasientopplysningars er sikra, og at dei blir utveksla mellom ulike einingane på ein sikker og effektiv måte.
- Sikre at brukarerfaringar, avviksmeldingar og klagar blir brukt systematisk til forbetring av tenestene

### **Heimebaserte og Institusjonsbaserte tenester/sjukeheim**

Hemsedal Bygdaheim har 23 sengeplassar, 4 plassar definert til korttids- og avlastingsplassar og demensavdelinga har 7 plassar. Utviklinga viser at fleire pasientar blir lagt inn på korttidsplassar, avlastning og ø.hjelpplass/ observasjon frå lege eller heimesjukepleie. Det må vurderast om ein bør auke senger til dette formålet. Beleggprosenten har stige dei siste åra og i periodar har ein måtte nytte Intermediæravdelinga ved Hallingdal sjukestugu som bufferplass.

I Heimetenesta er det ei merkbar auke i tenestebehov og utplassering av tryggingsalarmer. Det må og reknast med at fleire alvorleg sjuke ønskjer å få pleie og lindrande behandling heime. Dette vil stille krav til fleksible tenester og krav til kompetanse. Det er eit tidsspørsmål føre det er for aktiv teneste i heimesjukepleie på natt. No er det etablert bakvakt som reiser ut når tryggingsalarmer blir utløyst.

Det er oppretta ei brukarstyrt aktivitetsgruppe som arrangerer kinokveldar, quiz kveldar, basar og turar.

Det er varsla at i åra framover blir det fleire yngre eldre med demenssjukdommar psykiske lidinger. Dette vil krevje tilrettelagt tenester, auka tenestebehov, tilbod om dagaktivitet og avlastning for dei pårørande. Det er også viktig å styrke kompetansen på dette området. Innan enkelte områder er det behov for å samarbeide regionalt om tenestetilboden spesielt der det er eit omfattande tenestetilbod.

Mange brukarar av helse og omsorgstenester er underernærte eller i ernæringsmessig risiko. Underernæring og feilernæring gir auka fare for andre sjukdommar, lengre rekonesent samt større pleietyngde og auka medisinske kostnader.

### **Arbeidsmål**

- Følge BEON-prinsippet for omsorg på riktig nivå.
- Legeressurs i sjukeheim må styrkast i samsvar med behov.
- Vidareutvikle sansehage.
- Styrke kompetanse og samarbeide på tvers for å gje eit godt tenestetilbod for dei som har demenssjukdom, psykiske lidinger, geriatri, palliasjon eller treng rehabilitering.
- Styrke kompetanse, prosedyrar og kartleggingsverktøy for å førebyggje underernæring, feilernæring.
- Oppsøkjande og førebyggjande teneste for alle personar over 75 år.

- Implementer e tverrfagleg ressursteam som kan styrke rehabiliteringstenester i heimen med heimetrenerar/aktivitetstrenerar
- Rett bruk av IMA og ØHD- plassar ved Hallingdal sjukestugu.

### Koordinerande eining

Eininga har det overordna ansvar for koordinering av habilitering og rehabilitering, ansvar for kvalitets- og fagutvikling for heile etaten, oppgåva som folkehelsekoordinator for kommunen, samt fatte vedtak og følgje opp tiltak i samsvar med Helse og omsorgstenestelova. Eininga har utvida rolle i fht å sikre interkommunalt samarbeid/samhandling med de andre Hallingdalskommunane samt ansvar for å koordinere og følgje opp prosjektsøknader og kommunale og interkommunale prosjekt. Eininga har også ansvar for TT- teneste, følgjekort og parkeringsløyve.

Eininga har systemansvar for individuelle planar og ansvar for å koordinere tenester for personar med langvarige og samansette behov. Eininga har det faglege ansvaret for oppfølging i høve til bruk av tvang og makt for personar utan samtykkekompetanse. Det er blitt jobba tett opp mot habiliteringstenesta, anna spesialisthelseteneste og Fylkesmannen. Eininga er og førstekontakt når det gjeld samhandling med sjukehus i høve til utskrivingsklare pasientar både innan somatikk og psykisk helse.

Det blir fleire komplekse og samansette problemstillingar som utfordrar kommunale tenester til å sjå heilskapleg og gjennomgåande på tenestetilbodet på tvers av etatar, einingar og kompetanse.

Eininga har fått ansvar for å følgje opp ungdom som har særskilt behov for oppfølging i overgang ungdomskule- vidaregåande skule, ungdom som står utan tilbod om vidaregåande skule og unge voksne som ikkje finn seg til rette i ordinær sysselsetting etter avslutta vidaregåande skule.

Overordna mål for KE jf lov om helse og omsorgsteneste kap 7 :

- Legge til rette for brukermedverknad
- Ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering
- Overordna ansvar for individuell plan og koordinator
- Ta i mot meldingar om behov for individuell plan og koordinator
- Utarbeide rutinar for arbeidet med individuell plan og koordinator
- Oppnemne av koordinator
- Kompetanseheving om individuell plan og koordinator
- Opplæring og rettleiing av koordinatorer
- Bidra til samarbeid på tvers av fagområder, nivå og sektorer
- Ivareta familieperspektivet
- Sikre informasjon til befolkninga og samarbeidspartnar
- Ta i mot meldingar om mulig behov for habilitering og rehabilitering

Andre overordna mål:

- Sikre informasjon til befolkninga og samarbeidspartnar

### Arbeidsmål

- Prioritere koordinering av tverrfagleg og tverrsektorelt samarbeid
- Skape gode dagaktivitetar og sysselsetting for personar med psykisk utviklingshemming og andre brukargrupper i samarbeid med aktuelle instansar
- Prioritere kvalitets- og fagutviklingsarbeidet
- Legge til rette for kurs både internt og eksternt i lovpålagte fagfelt t.d. pas. Kap.4A og KOHL kap.9
- Økt fokus på demensteamarbeid
- Systematisere e-læring og internopplæring

- Etablere kompetanse/fagstillingar innan livsstilsjukdomar som diabetes, overvekt, kols, med meir
- Bidra/sikre i dialogen med spesialisthelseteneste m.o.a i oppfølginga av avtaler
- Tidleg innsats og koordinering for barn og unge med funksjonsnedsetting og åtferdsutfordring.
- Styrke og vidareformidle kompetanse på åtferdsutfordringar og diagnosar.
- KE som sentral aktør i kommunens regionale og lokalt lærings og mestrings arbeid.

### **Bråtenjordet – miljøarbeidarteneste og avlastningstiltak for barn og unge, unge vaksne**

Bråtenjordet gir miljøarbeidarteneste og offentleg avlastning for barn og unge og tilby forsvarlege tenester for dei som har store behov for praktisk bistand.

Om få år vil det vere behov for fleire bustader ved Bråtenjordet. Det er og behov for meir areal til personell, då det er fleire som i åra framover vil jobbe i døgnturnus med ulike brukarar .

Det må jobbast med å skape gode kultur/fritidstiltak for personer med nedsett funksjonshemmning, både at dei får høve til å ta del i det tilbodet som fins men og at det må jobbast vidare med å skape gode møtearenaer/ fritidsklubb og fritidsaktivitetar i Hallingdal. Dei kan dei sjølv kan vere ansvarleg for drift i saman med følgje, men det må leggast til rette både med tanke på universell utforming, transport og liknande.

Det må og jobbast med å få til gode arbeids- og sysselsettingstiltak for unge brukarar som har langvarig behov for koordinerte tenester.

### **Arbeidsmål**

- Tilpassa tenester og kompetanse ut i frå den einskilte brukaren sitt behov .
- Gode sysselsettings- og aktivitetstiltak
- Sikre gode overgangar i skulegang og arbeidsretta tiltak
- Systematisk styrking av brukarmedverknad

### **Helsestasjon**

Omfattar jordmorteneste, barselomsorg, helsestasjon, skulehelseteneste, og helsestasjon for ungdom. I tillegg har dei reisevaksiner og smittevern arbeid. I tillegg har eininga hatt eit særskilt ansvar for oppfølging av bebuarar på asylmottaka som er lagt ned.

Helsestasjon er lågterskeltilbod som skal vera lett å oppsøkje, når barn og unge og familiar har det vanskeleg, når det gjeld fysisk og psykisk helse og samspel i familien. Dei er viktig aktør i det førebyggjande arbeid for barn og unge og deira familiar og dei arbeider med ei heilskapleg tiltakskjede for barn 0-20 år. Tidleg innsats i sped- og småbarnsalder kan hindre at kommunen må setje i verk kostnadskrevjande tiltak seinare. Helsestasjonen har opparbeid seg kompetanse og brukt ressursar til foreldrerettleiing ICDP, COS og godt samliv.

Det er viktig at helsetenesta er til stades i skule og barnehage. Dette er eit viktig tiltak som gir god førebyggjande effekt og bidreg til at ein fortare kan fange opp barn som har utfordringar. Tema som blir meir aktuelle og som krev tid er psykisk helse, vektproblematikk, mobbing, rus, auka skulefråvær m.m. Einininga har også fått eit eige ansvar for å ta opp temaet vold og overgrep med barn, unge og foreldre. Dei siste åra har helsestasjon- og skulehelseteneste fått fleire oppgåver gjennom rettleiarar med nasjonale normer og retningslinjer.

I 2016/2017 har det 50 % prosjektstilling som familiekonsulent som har vore knytt til helsestasjon som eit samarbeidsprosjekt med psykisk helse og koordinerande eining. Det er eit mål å vidareutvikle eit tverrfagleg lågterskeltilbod for barn og unge og deira familie.

Kommunen vil ha behov for å tilegne seg fleirkulturell kompetanse innanfor fleire fagområder.

Nybakte foreldre blir raskare skrive ut frå sjukehus. På grunn av lange avstandar kan ikkje mor og barn nytte det polikliniske tilbodet til sjukehusa. Dette fører til at kommunen sin helsestasjonsteneste må følgje mor og barn tettare opp med barselomsorg. Det ligg føre samarbeidsavtaler med Vestre Viken både beredskap, følgjeteneste og barselomsorg.

### Arbeidsmål

- Helsestasjonen må ha tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å jobbe med førebyggjande tiltak og tidleg intervension både innan:
  - Skulehelseteneste
  - Råd og rettleiing i heimen
  - Oppfølging av nyfødde, småbarn og deira foreldre
  - ICDP/ COS/ foreldrerettleiing
  - EDPS
- Fleirkulturell kompetanse
  - Førebyggjande arbeid med råd og rettleiing til barnefamiliar.
  - Informasjon og førebygging for å hindre at born og unge blir kjønnslemlest
- Følgje dei nye faglege retningslinjene for helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom. Dette er sentrale anbefalingar i forhold til førebygging, vaksinasjon og oppfølging av barn/unge.
- Følgje dei sentrale anbefalingar til helsetenester til flyktningar.
- Følgje retningslinene ifht svangerskapsomsorgen.

### Psykisk helse og rusomsorg

Eininga har god og brei kompetanse innan det breie arbeidsfeltet. Hemsedal har prosjektmidlar til psykolog, og delar av året har det vore tilsett psykolog i kommunen. Det har vore utfordringar for distriktskommunar både å få tak i godkjente psykologar. Gjennom ein felles utgreiing i Hallingdal er det kome anbefaling om at det med fordel bør etablerast eit interkommunalt samarbeid mellom to eller fleire kommunar og felles fagforum. I 2017 har det også vore ei satsing innan psykisk helse og eldre.

Psykisk uhelse og rusproblematikk er ein av dei største helseutfordringene i Norge. Det er i sentrale føringar lagt opp til ei styrking av psykisk helseteneste både gjennom stortingsmeldingar, handlingsplanar og utlysing av prosjektmidlar. Det vil bli viktig at kommunen førebur seg på både gjennom kompetanseheving, styrking, samarbeid og organisering for å kunne vere klare til å ta mål seg nye oppgåver.

Det er fleire som har rusproblematikk i Hemsedal. Det er viktig å jobbe førebyggjande og med tidleg intervension i høve til barn og unge i høve til rus og dop. Hemsedal kommune er med i prosjekt «barn i rusfamilie». Det er viktig at dette prosjektet blir godt forankra og vidareutvikla i kommunen. Det blir også etablert eit samarbeid med politiet for å følgje opp barn og unge som har behov for tettare oppfølging.

Det er fleire som slit med angst, depresjon og einsemd. Dette gjeld ikkje minst barn og unge. Det er fleire som kjem til Hemsedal som treng oppfølging. Det er også eit behov for rettleiing og tverrfagleg samarbeid med andre einingar og tverrfagleg samarbeid med spesialisthelseteneste. Det er mange som bur på asylmottak som har trauma og angst og som treng ein god del oppfølging

Psykisk helse er eit lågterskeltilbod og det er ei satsing på det førebyggjande arbeidet. Det blir satsa på det førebyggjande arbeidet i psykisk helse som LEK, dagsenteraktivitet, gruppeaktivitetar/sosiale

møtearenaer, fysisk aktivitet og sommarmoro. Det er også viktig å jobbe med større openhet rundt psykisk helse gjennom foredrag/temakveldar.

Vestre Viken har starta innfasing av FACT (fleksible ambulante tenester) innan psykisk helse. Det skal skje ei dreining fra døgnbaserte tenester til ambulante og polikliniske tilbod. Dette fordrar til omfattande kompetanseløft og vilje til nye samarbeidsformer både i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Dette kan føre til store endringar i arbeidsmetodar innan psykisk helse og kan gje meirutgifter for kommunane.

### **Arbeidsmål**

- Vidareutvikle tenesta med førebyggjande arbeid samt vere eit lågterksestilbod for dei som har behov.
- Styrke kompetansen og vidareutvikle tenesta innanfor rusomsorg i samsvar med behov og tiltak vedteke i rusmiddelpolitisk handlingsplan.
- Utvikle interkommunalt samarbeid, samt samarbeid med spesialisthelsetenesta om tenestetilbodet
- Utvikle miljøterapeutiske lågterskeltilbod for å førebyggje psykiske lidinger.
- Auke kompetansen og innsatsen på rusfeltet.
- Auke kompetansen på psykisk helse innan den samla helse- og omsorgstenesta.

### **Legeteneste**

Det er i dag 3 fastlegeavtaler, og kommunen sin dekningsgrad ligg på gjennomsnitt i landet . Pr i dag blir det nytt 11,5 timer til allmennpraktisk arbeid. Over 50% av pasientane som blir behandla av legekontoret er legevakt.

God legeteneste og dyktige fastleggar er viktig for å lykkast med av mange av måla i samhandlingsreforma. Det er behov for legar med brei generalist kompetanse, men sidan det er fleire skader enn det som er gjennomsnitt er det viktig at legar er gode på ortopedi og akuttmedisinsk kompetanse. I forskrift om fastlegeordninga blir det lagt eit større kommunane for integrering av fastlegene i dei andre helsetenestene i kommunen. Kommunane skal oppfylle nye krav om kvalitet- og funksjonskrav i legetenesta, og være pådrivar for legetenesta sitt samarbeid med andre personellgrupper og tenesteområder.



Sidan det er mange sesongarbeidarar, turistar og personar som oppheld seg her over lengre tidsrom vil ein rekne med at dekningsgraden på legetenesta i Hemsedal er lågare enn snittet. Med få legar blir arbeidspresset stort, spesielt på legevakt. Turistsesongen er blitt utvida, og dermed blir perioden med normalsituasjon mindre. Frå 2015 har det vore lengre opningstid på legevakt med lege og hjelpepersonell tilstade. Turistnæringa planlegg at det innan 5 år skal vere opp mot ei fordobling av talet på overnattingsdøgn. Belastning på legevakt gir og utfordring med å sikre målet om ingen ventetid for å time til lege i Hemsedal.

Regionrådet har starta ei utgreiing på ulike modellar for framtidig organisering av legevaktsamarbeid i Hallingdal. I Hemsedal vil det vere behov å ha lokal legevakt på ettermiddag/ kveld i turistsesongen. Ny akuttmedisinsk forskrift vil innan 2018 ha innverknad på organisering og drift av legevakt og legevaktsentral. Det blir stilt krav til kompetanse hjå legevakslege og at det er sjukepleiar eller anna kvalifisert personell tilstade.

Det er behov for å styrke bemanning både på legesida, men og hjelpepersonelli legevakt med kompetanse.

I primærhelsemeldinga blir det anbefalt oppretting av «**primærhelseteam**» - for bedre oppfølging av kronisk sjuke.

I Hemsedal er det valt ein modell der kommunen dekkjer delar av kostnaden til drift av legekontoret/legevakt og hjelpepersonell på vinteren. I samarbeid med legane er det drøfta ulike modellar for framtidig organisering. Det er anbefalt at kommunen tek over driftsansvar for legekontor og hjelpepersonell. Tilstrekkeleg og kvalifisert hjelpepersonell ved legekontoret vil avlaste legane, kan følgje opp kronisk sjuke, samt utføre oppgåver og avlaste som i dag ligg til heimesjukepleie innan sårstell og helsestasjon med tanke på reisevaksinerering. Det er også behov for å styrke talet på fastlegeheimlar. årsverk.

#### **Arbeidsmål i perioden**

- Vurdere kommuneoverlegen sin rolle og ansvarsområde.
- Vurdere talet på fastlegeheimlane/bemanning av legar på vinterstid for å imøtekome etterspurnad etter legeteneste, belastning på legevakt og krav til samarbeid med andre tenester.
- Vurdere ulike modellar for organisering av legevakta i lokalt og interkommunalt etter utgreiing og råd frå regionrådet.
- Tilpassa timetal for tilsynslege ved sjukeheim etter behov og kommunelege spesielt innan psykisk helse og smittevern
- Behov for telemedisin, akuttmedisinsk utstyr må vurderast ut i frå endring av behov og krav til tenesta.
- Revidere helsemessig og sosial beredskapsplan og infeksjonskontrollprogram

#### **Fysioterapi og Friskliv**

Fysioterapeutar og ergoterapeutar er ei viktig faggruppe i habiliterings- og rehabiliteringsarbeidet. Dette gjeld også innan kvardagsrehabilitering, der det blir gitt ein intensiv innsats i oppstartsfasen, gjerne av eit tverrfaglig team. Erfaringa så langt tyder på at det er ein god investering å komme tidleg inn med tverrfaglage rehabiliteringsressursar, i staden for å gje meir kompensierande bistand og pleie etter kvart som funksjonsevne blir redusert. Det gir et betre liv for den enkelte og utsett eller reduserer behovet for andre kostnadskrevjande kommunale pleie- og omsorgstilbod. Frå 2020 blir det stilt krav om at kommunen skal ha ergoterapeut.

Både folkehelsestatistikk og anna helsestatistikk viser at det i Hemsedal er mange med muskel og skjellettplager. Det er blitt jobba systematisk med å få i gong fellestreninger for ulike grupper med same behov. Pasientar blir tidlegare skrive ut frå sjukehus og kjem heim til rehabilitering. Det blir no lagt større vekt på opptrening i staden for operasjon for enkelte skader/ belastningslidingar. Det er mange som har samansette behov. Dette krev ressursar, kompetanse og eit auka behov for kommunale hjelphemiddel og velferdsteknologiske løysingar. Det er ønskjeleg å på sikt få knytt til seg ergoterapeut til tenesta. Rask og god behandling er samfunnsøkonomisk lønnsam ved at innbyggjarar fortare kan kome seg ut i aktivitet og arbeid. Det må gjerast prioritering av kven som får behandling.

I Hemsedal skal alle med kne og / eller Hofteartrose få tilbod om evidentbasert informasjon og behandling, Aktiv A. Det er og planlagt eit samarbeid med Hallingdal sjukestugu om å utvide tilboden til alle pasientar i Hallingdal.

Det er knapt med ressursar til å jobbe med tidleg intervension for barn og unge. Det er ein del barn som treng bistand i høve til motoriske og psykososiale ferdigheter, rehabilitering samt tilrettelegging av hjelpemidlar. Det er fleire skulebarn og ungdommar som er plaga med hovudpine, ryggplager, søvnvanskar, leddsmærter og andre plager som meir liknar vaksenplager. Fysioterapeneste er og viktig for å følgje opp barn med samansette behov. Eit tett og godt samarbeid med barnehage, skule, psykisk helse og helsestasjon er viktig for at fysioterapien kjem tidleg i gong med kartlegging og trening når det gjeld barn og unge. Det kan spare mange for framtidig behov og belastningskader.

Eininga er ein pådrivar og igangsetjar av førebyggande- og folkehelsetiltak. Det er etablert fallførebyggande trening / kurs for eldre. Det er og eit mål å få til eit samarbeid med barnehage for å skape gode fysiske aktivitetar for barn i barnehagealder.

Friskliv er ein sentral aktør i utvikling av lærings- og meistringstilbod. Eininga har i 2017 fått kompetanse innan kognitiv terapi og livstyrketrening.

For å kunne gje eit meir komplett tenestetilbod for mange med rygg, nakke og muskellidinger er det viktig at kommunen har personell med psykomotorisk kompetanse. Eit godt samarbeid med psykisk helseteneste er og viktig.

Oppretting av ulike grupper med fysisk aktivitet kan skape også gode sosiale møtearenaer og er og eit viktig tilbod innan dagaktivitet.

Frå 2018 treng ikkje pasientar lengre ha henvising frå lege. Det er uvisst kva for verknad dette vil ha for tenesta.

### Arbeidsmål

- Korte ventelister og raskt tilbod om førstegongs vurdering.
- Vidareutvikle gruppetrening for ulike grupper som eit supplement til behandling.
- Tilby fysisk aktivitet som eit ledd i dagsenter aktivitet, fysisk aktivitet i samarbeid med Idrettslaget.
- Tilby bassengtrening gjennom fysioterapi og friskliv for bestemte brukargrupper som eit ledd i førebyggjande arbeid
- Sikre eit forsvarleg kommunalt hjelpemiddellager.
- Samarbeid med andre einingar, dei andre kommunane i Hallingdal og frivillige lag og organisasjonar om tilbod innan Friskliv og førebyggjande tiltak for alle aldersgrupper , ikkje minst innan kosthald, røykeslutt og livstilsendring.
- Undersøking, vurdering og behandling ved utryggleik rundt barnet si rørsleutvikling
- Rettleiing og trening for barn med nedsett funksjonsevne
- Rettleiing og rådgjeving til foreldre, barnehagar og skular når det gjeld fysisk aktivitet og stimulering av barn si rørsleutvikling
- Treningstilbod for barn og unge med vekts problematikk.

## 9 TENESTEOMRÅDE TEKNISK

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for samfunns- og arealplanlegging, investering- og drift av kommunal infrastruktur, tilrettelegging for bustad- og næringsutvikling, samt ei rekke forvaltningsoppgåver knytt til nemnde fagområder. Samla utgjer etaten 34,3 årsverk der 14,4 ligg til egedomsavdelinga og 8 årsverk ligg til driftsavdelinga.

### 9.1 Sentrale utfordringar for etaten

Etaten sin hovudutfordring er å

- balansere etaten sitt forvaltnings- og tenestetilbodet ifht nasjonale og lokale forventingar med eigenkompetanse og ressursar i ei tid med auka innbyggjartal og kundekontakt
- halde på,- rekruttere og vidareutvikle eit godt fagmiljø innan etaten sine kjerneområder
- følgje opp kommunale investeringsplaner frå prosjektering, til gjennomføring i forhold til bemanning og ressurstilgang
- vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan etaten sine fagområder som ledd i å betre service, halde på og vidareutvikle kompetanse

Hemsedal har vore, er og vil bli ein vekstcommune framover. Veksten kan ein sjå i auka innbyggjartal, tall bustader, tall hytter og næringsbygg. Som tenesteleverandør er teknisk etat den tenesteprodusenten som i størst grad legg grunnlag for vekst gjennom kommuneplanlegging, ansvar for infrastruktur/ investeringar, samt forvaltningsaktør og kontroll/ tilsynsorgan i etterkant.

Generelt registerer ein etterslep på forvaltningsoppgåver (investering/ drift, kontroll/ tilsyn) parallelt med at både næringsliv og kommunen planlegg for vidare vekst. Etaten vil ikkje vere i stand til å følgje opp denne veksten med dagens ressursar.

### 9.2 Status utvalte forvaltningsområder

#### 9.2.1 Vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel der tilstrekkeleg og sikker vassforsyning med god kvalitet er ein sentral kommunale oppgåve. For å ivareta nettopp dette er hovudplan for vatn og avløp eit av dei det viktigaste styringsdokumenta. Hovudplanen skal uttrykke kommunen sine eigne prioriteringar på vatn- og avløpssektoren, medverke til betre samordning mellom kommunal vatn- og avløpsverksem og den øvrige kommunale arealplanlegginga. Hovudutval for Plan og Ressurs godkjente i sak 18/14 planprogrammet for hovudplan VA. Hovudplanen vert ferdigstilt, og klar for politisk handsaming hausten 2017. Planen baserer seg på ei tenkt destinasjonsutvikling etter politiske vedtak knytt til destinasjonsutvikling innan «Kjerneområdet – aksen Trøym sentrum – Fjellandsbyen», konsekvensen av å stå som arrangør for eit mogeleg alpint ski VM 2025, samt næringa sine ønskjer om korleis destinasjonen bør/ ønskjer å utvikle seg i høve infrastruktur, storleik på sengekapasitet, og lokalisering. Dette gjeld til dømes utbygging av hovudvasskjelde, utviding av høgdebasseng, nedlegging av Tuv jordreinseanlegg og kapasitetsproblematikk på Trøim reinseanlegg mv. Desse tilhøva vert avklart gjennom hovudplan for VA. Hovudplanen legg til grunn at Krikken også i framtida skal vere hovuddrikkevasskjelde for kommunen.

#### 9.2.2 Kommunale veger

Hemsedal kommune har relativt få kommunale vegar, gater og gangvegar. Det vert likevel lagt ned betydelege ressursar i vedlikehald og investering i nye vegar kvart år og til saman representerer veganlegga fleire titals millionar kroner i nyverdi. For at desse verdiane skal forvaltast på best mogeleg

måte, er det eit klart ynskje at det føreligg eit godt styringsdokument, som er politisk forankra, som verktøy i vegforvaltninga. Eit slikt styringsdokument kan kallast «Hovudplan for veg». I ein slik plan er det ynskje å fokusere på drift,- vedlikehald og forvaltningskostnader i samanheng med investeringar. Ein må og synliggjere tiltak for ulike trafikkantar og gje grunnlag for å foreta dei prioriteringar som alltid må gjerast. Vidare bør planen gje ein total oversikt over mengder og ulike element, samt at den skildrar tilstand, standard og verditap vurdert ut frå levetidsbetraktingar. Hovudplanen skal samordnast med Trafikktryggleiksplan. Det er mål om å utarbeide ein slik plan i løpet av planperioden.

### 9.2.3 Miljø

Kommunestyret vedtok planprogram for ny Energi- og klimaplan den 29. september 2016, og det vert venta at kommunestyret får planen til 1. gongs handsaming i løpet av desember 2017. Vasskraft utgjer ein viktig del av kommunen sine inntekter. Det er og viktig å sjå heilskapen av vasskraftressursane i kommunen og få til ein konsekvensprosess gjennom kommuneplanarbeidet.

Sett bort i frå kulturlandskapet (som er relativt godt kartlagt) og vilt (relativt godt kartlagt) har kommunen liten kunnskap om artsinventaret i skog, myr og fjell i Hemsedal. Ved inngrep av ein viss storleik kan kommunen leige inn hjelp til å synleggjere og dokumentere naturverdiar, eller kommunen kan «anta» kva som fins av kvalitetar og fatte vedtak på bakgrunn av dette. Dette følgjer også av naturmangfaldlova med krav om kunnskap for gitte område.

Kommunen har etter forureiningslova tilsynsmynde av næringsavfall. Mynde inneber ansvar til å

- krevje nødvendige opplysningar av avfallsbesitter etter § 49
- utføre inspeksjon av eigedom og granske dokumenter og materiell etter § 50
- fastsette og fråfalle tvangsmulkt etter § 73
- begjære påtale etter § 78 siste ledd og § 79 siste ledd.
- krevje gebyr etter forskrift fastsatt av kommunane og § 52

Tiltak for å fremje viktige miljø- og opplevelingar i nærmiljø resulterte i opparbeida stigsystem, med bruar over til Bruøyri i 2016. Næringa i samarbeid med Bruøyne AS har som mål å etablere ei permanent bru frå området Vertikal over til Bruøyri. Tiltaket vert sett på som eit viktig element for å fremje tilgangen til eit grøntområde, men og legge til rette for etablering av «Høyt & Lavt» tilbod i Hemsedal. For 2018 er det viktig at kommunen støtter opp under tiltaka slik at statlege friluftsmidlar vert kanalisert mot desse tiltaka i sentrum. I budsjett for Teknisk drift er dette synleggjort som eige tenesteområde «Kommunal park- og grøntanlegg», men ein har ikkje funne rom for å auke rammene. Kommunen nytter årleg om lag kr. 80.000,- på søppelplukking i sentrum gjennom ei avtale med «Innkjøpslaget». Dette er ein rein service, m.a.o. ikkje ein communal oppgåve.

### 9.2.4 Private spreidd avlaup,- opprydding

Lovforvaltning knytt til små reinseanlegg og kontroll av bedriftene sine påslepp gir kommunane faglege utfordringar, i tillegg vil avlaupsanlegg ved spreidd busetnad byr på ressursmessige, organisatoriske og miljømessige utfordringar. Ny vassforskrift sett fokus på heilskapleg vassforvaltning, og vassområde Hallingdal har utarbeid ein regional plan. Planen har greidd ut vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassområdet, gjeve innspel til regionalt overvåningsprogram og mellom anna laga ei lokal tiltaksanalyse. Planen syner at vasstilstanden i Hemsedal er bra. For Hemsedal er opprydding i spreidde avløp foreslått som det viktigaste tiltaket på avløpsfronten. Konkrete tiltak, herunder kartleggje miljøtilstanden til utvalte resipient/vatn, og eventuelt tilpassing av føresegner i kommuneplanen sin arealdel vert difor viktig for

Hemsedal å følgje opp. Vassregionmynde peikar på at: *Det er kommunene som er sektormyndighet for spredt avløp. Kommunene og fylkesmennene er sektormyndighet for avløpsanlegg. Kommunene oppfordres til å arbeide systematisk med sanering av spredt avløp og utbedring av kommunale renseanlegg/ledningsnett gjennom kommunedelplan for avløp. Kommunene oppfordres til å samarbeide med nabokommuner for å øke saksbehandlingskapasitet og kompetanse på saksfeltet.* Kommunane i Hallingdal er små einingar og har få fagfolk innan VA-faget. Kompetanse og kapasitet er ein flaskehals for å få utført oppgåvene. Det skal etablerast ein felles møteplass der ein på tvers av kommunane kan jobbe for å utvikle eit felles «vass- avløpskontor».

### 9.2.5 Reiseliv, landbruk og andre næringar

I medhald av samfunnssdelen skal det takast vare på den særeigne naturen og kulturen som pregar bygda og utvikle Hemsedal sitt mangfaldige næringsliv med vekt på reiseliv og landbruk. Kommunen skal gje rammevilkår for eksisterande næringsliv og styrke samspelet mellom næringane i kommunen. I vedteke næringssplan vert det synleggjort kva for verdi landbruket har. Kjende utfordringar er mellom anna pressa lønnsemid, rekruttering til næringa, «overflødige landbruksbygg», arealforvaltning og attgroing av kulturlandskapet. Det trengs å legge til rette for utvikling av landbruket, og tilleggsnæringar til landbruket. Dette er og viktig for reiselivet. Beitebruksplan vert lagt fram til handsaming mest truleg desember 2017, og vert ein viktig sektorplan som dokumentere verdien av utmarksbeite i næring, sikrar beitenæringer areal i framtida, samt tiltak som skal styrke beitenæringer og førebygge/ reduserer konfliktar.

Det er ikkje registrert store problem med misleghald av buplikt, anten på landbrukseigedom eller i bustadfelt. Eventuelt misleghald vert følt opp som del av vanleg lovforvaltning.

Hemsedal kommune er ein turistkommune, og mykje av turismen er tufta på skaktivitetar og friluftsliv. Hemsedal er også ein kommune med vekst i folketall og aktive innbyggjarar. Reiselivsnæringa har som mål med 1 million kommersielle gjestedøgn innan 2020. Ei løpende forvaltning av sti- og løypeplan inneber at næringa, grunneigarane og kommunen i fellesskap sett enda meir fokus på forvaltning av sti- og løyper, mellom anna ved å sikre meir ressursar til vedlikehald. I budsjett ligg det inne ei prosjektfinansiering knytt til ei opptrapping av sommarvedlikehaldet også for 2018 finansiert over næringssfondet.

Næringa melder samstundes om problem med å finne bustad for sesongarbeidarar. Kommunen har i overordna plan satt av areal for denne målgruppa, og det vil vere naturleg å utfordre næringa i framtidige utbyggingsplanar på kor og korleis ein skal sikre bustader for denne viktige målgruppa. Dette vert eit viktig arbeid i samband med rullering av arealdelen i kommuneplan.

Kommunen sin utbyggingspolitikk må vere tufta på kommunen si reelle økonomiske løfteevne. Kommunen og næringa sine vekstmål føresett ein auka bruk av eksisterande senger om ein skal betre lønnsemenda. Det vil også innebere investeringar i nye einingar. Kommunen står overfor store investeringar i vatn og avlaup, men også samferdselsmessige utfordringar samt miljøskapande tiltak i Trøym sentrum. Næringa har mellom anna i lengre tid etterlyst eit godt offentleg toalettilbod. Dei siste summarane har spesielt bussturistane slitt med å finne tilbod. Det er innhenta tilbod på toalettanlegg, med ei investeringeskostnad på rundt kr. 1,3 mill. eks. tomt. Dette tiltaket er ikkje innarbeida i økonomiplan. Det føresett at ei samla næring må ta ansvar og forstå samanhengen mellom eigeninteresse og fellesskapet sine behov. Gjennom utbyggingsavtaler må næringa ta del i finansiering av tiltak/ fellesgodar. Det er viktig at rekkjefølgjeføresegner i lokale arealplanar er realistiske og praktiske å følgje opp.

Hemsedal er ein stor hyttekommune, og det er om lag like mange hytteeigarar som fastbuande i bygda. Fritidsbustadundersøkingar syner at mange hytteeigarar har ein høg bruksfrekvens på rundt 60 døgn i året. Undersøkinga viser også at hyttefolket representerer stor kjøpekraft, og er ein viktig forklaring på omsetning i detalvjarehandelen. Signal frå hyttefolket, ikkje minst frå ulike hyttemøter syner stort engasjement. Hyttefolket bryr seg, og ønskjer å ta del i utviklinga av bygda. Hytteeigar som ressurs vert eit tema i høve communal planlegging og gjennomføring. Aktuelle spørsmål er;

- Kompetanse – og «Business to business»- nettverk
- Hytta som bustad, - spørsmål om fellesgodefinansiering og prioritering av fellesgode
- Organisering/- kommunikasjon – korleis samhandle meir med hyttefolket
- Egedomsavgift/ beskatning
- Hytteeigars rettigheter – heimehjelp etc. på hytta

Vedteke strategisk næringsplan definerer tiltak som byggjer opp under kommunen sin hyttepolitikk. Kommunen deltek på ulike møteplassar også i 2018 med fokus på hytteeigar som ressurs (frukostmøter, haustmarknaden etc.)

### 9.2.6 Næringsfond og næringsplanlegging

Handlingsplan for Strategisk Næringsplan bidreg til meir heilskapleg næringsforvaltning. Sidan næringsfondet kan finansiere lønn til kommunalt næringsarbeid, prosjekt og bedriftsretta tiltak må ein sjå bruken av fondet i samanheng med heile næringsarbeidet i kommunen.

Næringsplanen konkretisere strategiar og tiltak som administrasjonen kan prioritere arbeidet sitt etter (lang og kort sikt). Det er viktig å balansere bruken av næringsfondet slik at ikkje bruken er større enn konsesjonsavgiftene (inntektssida til fondet).

Konsesjonsavgiftene vert justert kvart 5. år, sist i 2014 i tråd med konsumprisindeksen. Det er viktig å leggje fram eit budsjett som tek sikte på å bygge opp næringsfondskapitalen.

Grovoversikt - budsjett	Tenestenr	2017	2018	2019	2020
Baset på budsjett og vedtak gjort i 2017 pr. 1.nov					
<b>Inngående saldo 01.01.2017</b>		<b>3 040 500</b>	<b>2 982 513</b>	<b>2 867 076</b>	<b>3 058 753</b>
Avsatt konsesjonsavgifter (budsj)		2754000	2 754 000	2 754 000	2 754 000
Eieruttak Hemsedal Energi					
<b>Sum inntekter</b>		<b>2754000</b>	<b>2 754 000</b>	<b>2 754 000</b>	<b>2 754 000</b>
Landbruksforvaltning - øyremerka lønn jfr vedtek	3400.3291	-370 000	-370 000	-370 000	-370 000
Næringsforvaltning - øyremerka lønn jfr. Vedtek	3400.3251	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Arealforvaltning	3010.3011				
<b>Sum bruk næringsforvaltning</b>		<b>-870 000</b>	<b>-870 000</b>	<b>-870 000</b>	<b>-870 000</b>
<b>Tilskudd til næringsstøtte</b>	<b>3400.3252</b>				
HUS- prosjekt 3 árig sommarstig K-sak 113/15		-250000	-250 000		
Hallingdal Etablerarsenter -		-60000	-144000	-84000	-84000
Tilskot ymse jordbruksførermål - árelag ramme inkl F-ring		-300000	-300 000	-300 000	-300 000
"Hemsedal Veksthus" (nettverknad 2017-2019)		-60000	-65000	-65000	
Tilskot andre næringer - småøvningar		-300000	-300 000	-300 000	-300 000
Utviklingsprogram for Bykommuner		-33000			
Tilskott Naringsforum - møteplasser		-15000	-15 000	-15 000	-15 000
<b>Sum tilskudd næringsstøtte</b>	<b>3400.3252</b>	<b>-1018000</b>	<b>-1074000</b>	<b>-764000</b>	<b>-699000</b>
<b>Hemsedal HTTL eks mva</b>	<b>3400.3256</b>	<b>-1000000</b>	<b>-1 000 000</b>	<b>-1 000 000</b>	<b>-1 000 000</b>
Sum anna bruk av fondet		-1000000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Total bruk av fond basert på pol.rammer		-2 888 000	-2 944 000	-2 634 000	-2 569 000
<b>Årlig diff. inntekt fondet og bruk</b>		<b>-134 000</b>	<b>-190 000</b>	<b>120 000</b>	<b>185 000</b>
Renter stipulert		76 013	74 563	71 677	76 469
Overført		-57 987	-115 437	191 677	261 469

I budsjett for 2018 har ein lagt til grunn uttak av «utbytte» frå Hemsedal Energi (HE) som øyremerka finansiering av kommunen sin finansieringsdel av HUS (kr. 445.000,-), og finansiering av arealplanarbeid (kr. 405.000,- direkte inntektsført), akkurat som for 2017. Mykje av næringsfondet si avkastning er bunde opp i øyremerka tilskot til prosjekt/ aktiviteter med næringsverdi. Dette sett særskilte krav til framtidig forvaltning av næringsfondet. I tabelloversikt er det lagt til grunn ei auke til Hallingdal Etablerarsenter på kr. 84.000,- på samla 144.000,- for å kompensere for bortfall av regional finansiering frå Buskerud Fylkeskommune på kr. 635.000,-. Tilskotet utgjer Hemsedal kommune sitt bidrag i høve tall innbyggjarar. Eit slikt bidrag er med på å tappe næringsfondet, om dette skal vidareførast fast i planperioden. Regionen sitt arbeid med «Hallingdal Innovasjon» i 2018 vil vere med på å avklare korleis regionalt næringsarbeid bør organiserast og finansierast i framtida.

### 9.2.7 Utbyggingspolitikk

Mykje av føresetnadene for utvikling i aksen Trøym sentrum – Hemsedal Skiheiser er avhengig av at ein får gjennomført vesentlege infrastrukturinvesteringar. Alle som byggjar ut i aksen Totteskogen, Fjellandsbyen, Storelia og Tinden bidreg med anleggsbidraga til HIAS (HIAS er eit selskap for felles gjennomføring av infrastruktur) jfr. eigen utbyggingsavtale mellom HIAS og kommunen. Aktuelle tiltak beskrive som vedlegg 4 og 5 i utbyggingsavtala er:

- Utviding av Holdebakken høgdebasseng
- Kryss, skiheisvegen – RV- 52
- Vatn- og avlaupsledning Tuv/ Trøym (ferdig mellom D1 og Bruhaug), resten planleggast
- Tilkomst RV-52 til parkering Øya- camping/ Trøym
- Nytt vassverk Tuv
- Parkering Trøym sentrum

Avtale mellom HIAS og Hemsedal kommune skal hausten 2017 reforhandlast jfr. K-styrevedtak 66/17. Ein ser behov for å reforhandle avtala slik at næringa og kommunen i fellesskap samlar seg om kva for infrastruktur ein må sikra finansiert før igangsetting av nye bygg-/ aktivitetsanlegg, eller ved eit gitt framtidig utbyggingsvolum. Av tiltak kan nemnast avkjøring frå RV- 52 til Øya, og opparbeiding av denne, sikre ei kryssløysning på Holdebakken som sikrar gang-/ sykkelveg frå Tuv til Trøym, og nødvendig finansiering av VA- i tråd med ny hovudplan for vatn og avløp.

I løpet av 2017 har kommunestyret gjort to sentrale vedtak som bidreg til at senger regulert til næring («varme senger»), faktisk vert nytta i tråd med reguleringsføremålet. I kjerneområdet ligg det pr. sept 2017 712 fritidseiningar som er regulert til næring. Som ledd i å rettleie og kontrollere at bruken er i tråd med føremålet vert alle eigarane innan april 2018 til skrive, og bedt om ei oversikt over utleige og ei utgreiing av korleis einingane er nytta/ planlagt nytta for 2018. Bruk som ikkje er i samsvar med kommunen sine krav vert rettleia slik at all bruk vert i tråd med kommunen sine krav frå og med 2018. I budsjett for 2018 er det ikkje innarbeida ekstraressursar til dette arbeidet, da ein ikkje veit kor mykje arbeid ei slik oppfølging vil innebere. Tiltaket må vurderast i samband med revidert budsjett.

### 9.2.8 Byggfag og eigedomsforvaltning – avvik tilsyn

Byggjesakshandsaming ligg godt innafor dei krav som plan- og bygningslova sett til rask og effektiv sakshandsaming av nye sakar. Kommunen får gode tilbakemeldingar på dette arbeidet. Derimot ligg kommunen på etterskot med matrikkelføring, aktivt tilsyn, sjekk av at byggjeløyver, og oppfølgjing av innmeldte ulovlegheitar. Det vert stadig meldt inn, eller avdekka brot på utnyttingsgrad i byggjesak, brot på tiltak i høve skjering/ fyllingshøgde, brot på ulovleg avlaupsløysningar, manglande søknadar på endringsmeldingar, bygd anna enn omsøkt, ulovleg skilting/mangelfull oppfølgjing av Skiltplan eller adm. pålegg etc.

Adm. har forsøkt meir målretta oppfølging gjennom tilsyn, sjekk av avfallsplaner i samband med større byggesaker, gjort haldningsskapande arbeid på nettsida/ kommunepost og på entreprenørermøter informert om kontrollordning for næringsavfall. Rapport frå Hallingdal Renovasjon syner framleis misbruk av avfallscontainarar,- noko som mellom anna inneber at private må betale for næringsavfall.



Det ligg om lag 20-30 saker av ulik karakter og grad av ulovlegheit. Det er ikkje kapasitet til å følgje opp desse samstundes med handsaming av nye byggjesaker. Erfaringane er at når ein skal følgje opp sakene går det store tidsressursar/ ressursar til advokat. Sakshandsamarane må ofte stoppe oppfølging av krevjande saker i periodar til fordel for andre fristar, saker til politisk handsaming, eller oppfølging av nye tiltak. Det er ikkje nok adm. ressursar til slik oppfølging, noko som gir ein negativ «snøballeffekt» - signal om at ulovlegheitar lønner seg. Rådmann har ikkje funne ressursar til å auke innsatsen på dette området.

## 9.3 Mål for tekniske forvaltning

### 9.3.1 Mål for plan-, byggesak, kart- og oppmåling

Det er eit mål å oppretthalde servicenivået me har opparbeida oss siste åra. Dette føresett godt samarbeid med utbyggjarar, entreprenørar/ handverkarar og ikkje minst kunne halde på dei dyktige medarbeidarane etaten har i dag.

**Som arbeidsmål for 2018 er følgjande konkretisert;**

- Oppfølging av «Tilsynsstrategi» innan byggjesak, med vekt på næringsavfall. Dette er eit tidkrevjande arbeid som må tilpassast gjeldande bemanning i etaten. Arbeid med ein interkommunal tilsynsordning etter at Hallingdal Renovasjon har avslutta sitt «forsøk» på å etablere ei slik ordning, bør startast opp – men har vore utsett grunna nye tilsynsoppgåver («Prosjekt senger i næring»).
- «Prosjekt senger i næring» vert prioritert framfor andre tilsynsoppgåver.
- Konkretisere ”fareområde skred” herunder kvalitetssikre skrednett i utvalte områder, for om moglege trekke opp retningslinjer og betre dokumentasjon i høve framtidig byggjesakshandsaming
- «Sluttføre» adresseringsprosjekt slik at flest mogeleg med matrikkeladresse i løpet av året får tildelt adresse – fristen var eigentleg 31.des 2014, men ingen kommune i Norge er i mål med arbeidet enno .
- Oppretthalde sakshandsamingstida slik at kommunen framleis er betre enn samanliknbare kommunar/ landsnittet
- Føreseieleg politiske prioriteringar innan arealplanlegging kva gjeld kommuneplanarbeid, sakshandsaming av private reguleringsplanar, og reguleringsplanarbeid i eigen regi ved å sikre betre samhandling mellom fagområda, og mellom utbyggjar og kommunen.
- Reforhandle avtale mellom HIAS og Hemsedal kommune jfr. K-styrevedtak 66/17.
- Som ledd i å oppdatere gamle reguleringsplanar, oppheve desse i samband med rullering av arealdelen og i staden leggje inn nye føringar/ rammer i føresegna for kommuneplanen, for å få eit betre styringsverktøy i framtidige byggjesaker, i staden for å køyre kostbare og tidkrevjande planprosessar

### 9.3.2 Mål for Miljø

Arbeid med miljø er eit stort forvaltningsområde som kan vere vanskeleg å avgrense. Rådmann vil likevel peike på følgjande målområder for 2018.

- Miljøfyrtårngodkjenning av 3 nye private verksemder
- Kartleggje og verdsette friluftsområder innan utgangen av 2018, jfr. krav frå Miljødepartementet
- Sikre nødvendig infrastruktur for el- bil ladestasjonar - tiltak vert innarbeida i samband med revidert økonomiplan for 2018, så fort Energi og Klimaplan vert vedteke
- Sikre statlege friluftsmidler til utvikling av Bruøyne som viktig grønt- og aktivitetsområder
- Vidareføre arbeidet med å få på plass eit regionalt samarbeid innan forvaltning av vatn- og avlaup i spreidd busette områder. Eit langsiktig mål er å sikre kompetanse, fagmiljø og ressursar i høve kommunen sine forvaltningsoppgåver. Det bør øyremerkast auka driftsramme i 2019 som ledd i å sikre prosjektstart
- Etablere eigen «Klimaleiing» som ledd i ein meir aktiv oppfølging av ny energi- og klimaplan

### 9.3.3 Mål for landbruk, reiseliv og næring

Ei positiv utviklinga i landbruket er avhengig av statleg landbrukspolitikk, noko som også påverkar reiselivet sidan denne næringa er avhengig av eit attraktivt kultur- og naturlandskap, beitande dyr og godt skjøtta eigedommar i si marknadsføring og opplevelingstilbod. Gjennom aktiv forvaltning, og næringsdrift forvaltar etaten årleg statlege produksjons- og kulturlandskapsmidlar på drøye kr. 22 mill. Det er avgjerande at landbrukskontoret opprettheld dagens service- og kompetansenivå. Som konkrete målområder for 2018 vert det peika på;

- Synleggjere resultat av ny "Temaplan for beite og kulturlandskap" i høve framtidig arealforvaltning
- Aktivt marknadsføre nye vedtekter for tilskotsordninga «Tilskot til ymse jord- og skogbruksføremål» der måla spesielt er å stimulere yngre gardbrukarar, både før og i samband med generasjonsskifte kva gjeld investeringsstønad og fagmiljø i samarbeid med fagorg. i landbruket
- Det vert vidareført 10% stillingsressurs som skal jobbe fram prosjektfinansiering (frilufts- / tippemidlar) til vedlikehalds- / nye tiltak – stigen opp til Skogshorn har førsteprioritet. Mogeleg prosjektfinansiering må vurderast i høve HUS sitt prioriterte budsjett for 2018
- Informasjonsmøter knytt til omlegging av søknadsrutinar kring søker om tilskot i landbruket,- inneber meir ansvar til kommunen
- Tiltak næringsplan - auke tilsyn og kontroll som skal sikre meir aktiv driveplikt av jordbruksareala

**Innan anna næringsarbeid skal ein spesielt følgje opp;**

- Etablering av møteplassar mellom næringsliv, samfunn og kommune i form av frukostmøter, hytteeigarmøter og oppfølgjing av nyetablerarar
- Følgje opp vertskapsavtale med Hemsedal Turisttrafikklag
- Følgje opp prosjekt «start up»
- Gjennom eigarskap av Båstø eigedom, delta som likeverdig grunneigar i utvikling av hytteområdet Strupa Gravset Hyttefelt
- I samarbeid med Hallingdal Etablerersenter, tilby kurs og gje fagleg rettleiing til dei som ønskjer å etablere, eller som treng bistand til å utvikle eiga verksemd. Hallingdal Etablerersenter blir drive av Hallingdalskommunane i fellesskap og har kontorstad i Hallingdal Næringshage
- «Kommunikasjonsprosjekt» – oppfølgjing av næringsplan
- Arbeidet med å få etablert eit desentralisert høgskuletilbod held fram.

### 9.3.4 Mål teknisk drift (veg, vatn, renovasjon og slam)

Dersom eit moderne samfunn skal fungere tilfredstillande og utvikle seg i ynskja retning må visse grunnpilarar vere på plass. Dette gjeld til dømes tilgang på reint vatn, tilgang på brannvatn, sikker handtering og behandling av avløpsvatn for ivaretaking av helse og miljø, sikker handtering av avfall og eit

godt utbygd og vedlikehalde vegnett. Sidan samfunnet er så avhengige av desse faktorane vert dei ofte omtala som «samfunnskritisk infrastruktur».

#### For perioden 2018-2021 har avdelinga fylgjande målsetingar:

1. Levere nok, godt og sikkert vatn i samsvar med hovudplan for vatn og avløp
2. Overhalde samlege myndighetskrav gitt i forskrift og utsleppsløyve for Trøym, Ulsåk og Grøndalen reinseanlegg som gitt under:

<b>ULSÅK RENSEANLEGG</b>		<b>TRØIM RENSEANLEGG</b>	
<b>Paramenter</b>	<b>Krav</b>	<b>Paramenter</b>	<b>Krav</b>
Middel restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,40	Renseeffekt fosfor (%)	93
Høyeste restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,80	Totalutslipp fosfor (kg)	164
Renseeffekt fosfor (%)	90	Krav til rensing av organisk stoff	Ja
Totalutslipp fosfor (kg)	21,9	Vannmengde i overløp/tap i ledningsnett	<5 %
Krav til rensing av organisk stoff	Ja		
Vannmengde i overløp tap i ledningsnett	<5 %		

<b>GRØNDALEN RENSEANLEGG</b>	
<b>Paramenter</b>	<b>Krav</b>
Middel restkonsentrasjon fosfor pr liter	0,32
Høyeste restkonsentrasjon fosfor pr liter	2,30
Renseeffekt fosfor (%)	90
Totalutslipp fosfor (kg)	53

Det vert for øvrig vist til K-plannemndsak 6/17 – presentasjon Hovudplan vatn – Val av framtidig vasskjelde», K-sak 66/17 – samt eigen «**Kommunedelplan for Vatn og Avløp**», som truleg vert lagt fram for politisk handsaming i desember 2017. Planen går nærmare inn på mål og aktiviteter innan tenesteområdet.

#### 3. Arbeide for auka trafikktryggleik gjennom å:

- Oppretthalde dagens standard på kommunale vegar og på utvalde strekningar, i samsvar med investeringsbudsjett, og betre standarden
- Utføre tiltak i samsvar med gjeldane trafikktryggleiksplan
- Syte for og oppretthalde vintervedlikehaldet på dagens nivå

#### 9.3.5 Mål Egedomsforvaltning

Hovudoppgåva er investeringar, dagleg drift og vedlikehald av egedomsmassen, med **mål** om å -

- Oppfylle alle krav frå eksterne tilsynsorgan.
- Effektiv og god forvaltning av ressursane. Mest mogeleg ut av kvar krone.
- God vedlikehaldsplanlegging
- God organisering og effektiv drift av personalressursane.
- Fokus på kompetanse, HMS og nærvær.

Egedomsavdelinga legg til grunn oppdatert «Plan for vedlikehald og investering 2018-2021». Planen gir ei samla «helsetilstand» over egedomsmassen. Ei samla oversikt, med ei prioritering av ressursane gjer det lettare å planlegge ressursbruken i eit langsiktig perspektiv. «Plan for vedlikehald og investering», ligg som vedlegg til sjølve økonomiplan. Politisk må det gjerast noen prioriteringar i høve ulike bygg. Prioriteringane må sjåast i høve til strategiske vegval for framtidig areal- og utbyggingspolitikk.

For 2017 fekk egedom midlar til investering bygg jamføre Holte FDV nøkkelen. Dessutan vart vedlikehaldsramma auka med eit mindre beløp. Dersom det ikkje vert gjort endringar her, vil egedom ha

brukbare føresetnadar for å ivareta bygningsmassen, men det er ønskjeleg å auke vedlikehaldsramma med 300.000,- ref. etterslep over tid.

Innan personalressurs er det ønskjeleg å auke staben med 1 årsverk. Dette vert grunngjeve med lønnsemd med å nyttiggjere eigen fagkompetanse i staden for å leige/ kjøpe konsulenttenester. Ei rekke investeringstiltak kan gjerast ved eigne ressursar på vedlikehald/ investering ref. t.d. brannstasjon 2017. Det er eit stadig aukande behov for kontakt med personell på kveld og helg, og dermed behov for vaktordning. I tillegg er det aukande hjelphemiddelbehov, og hjelphemidlane vert stadig meir teknisk krevjande. Arbeidsmengde og tidsbruk er stadig aukande. Det ligg og eit stort dokumentasjonskrav der personell eksempelvis må dokumentere at dei gjennomfører faste tilsynsrutinar på brann. Men også kommunen sjølv har stadig nye krav til dokumentasjon (data) frå personellet, eksempelevis fakturabehandling osv. Ved etablering av E-handel må alle varer og tenester bestillast på data. Egedomsavdelinga bør utvidast med minimum 1 årsverk 2018 for etablering av vaktordning, auka behov innan vedlikehald, hjelphemidlar og dokumentasjon. Dessutan må det utvidast med ytterlegare eit årsverk etter nybygg/auka byggareal innan oppvekst og helsesektoren.

Kommunen har fleire bygg som ikkje er i bruk, står til nedfalls, samt med større drift og investeringsbehov. Dessutan har kommunen fleire bygg med større drift og investeringsbehov, som truleg bør rivast før/etter skulesentraliseringa.

#### I samband med økonomiplanarbeidet bør difor kommunestyret ta stilling til følgjande spørsmål;

1. Timrastugo på Sletto og Bjerkheimbygget bør vurderast lagt ut for sal på følgjande vilkår:
  - A) Bygga vert gjeve bort til fyrst og fremst lokale interessentar, som i størst mogeleg grad ynskjer å ivareta bygga.
  - B) Interessent må oppfylle følgjande minimumskrav:  
Bygg inkludert grunnmur skal fjernast, samt utføre alt naudsint arbeid inkludert tilsåing av areal.  
Interessent må verta samd med grunneigar om tid for gjennomføring.
3. Bygdheim og Grøthehuset: Det skal ikkje setjast av investerings- eller større beløp driftsmidlar på bygga. Ved gjennomføring av skulesentraliseringsvedtak skal bygga fjernast.
4. Skadvin: Egedomen vert lagt ut for sal i 2018. Dette som ein eller tomannsbustad avhengig av vedtak i plan- og ressurs.
5. Båstø: Bygg vert ikkje lagt ut for sal enda. Tak på bustadhus må utbetrast i 2018.
6. Tuv skule: Det skal ikkje setjast av investerings- eller større beløp driftsmidlar på bygget. Ved gjennomføring av skulesentraliseringsvedtak skal bygget fjernast. Dette til fordel for framtidig barnehagebehov.
7. Ulsåk barnehage: Det skal ikkje setjast av investerings- eller større beløp driftsmidlar på bygget. Ved gjennomføring av skulesentraliseringsvedtak skal bygget fjernast.

#### 9.4 Berekning av gebyr for vatn, avløp, renovasjon og slam (VARS)

Hemsedal kommune bereknar kommunale gebyr i tråd med Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014).

Sjølvkost inneberer at kommunen sine kostnader med å frambringe tenestene skal dekkes av gebyra som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. Ein annen sentral avgrensing i kommunen sitt handlingsrom er at overskotet frå det enkelte år skal førast attende til abonnentane eller brukarane i form av lågare gebyr innan dei neste fem åra. Dette betyr at dersom kommunen har avsette overskot som er eldre enn fire år, må overskotet brukas til å redusere gebyra i det

kommande budsjettåret. Eksempelvis må et overskot som stammer frå 2013 i sin heilskap være disponert innan 2018.

Det er ein rekke faktorar som kommunen ikkje rår over i forhold til kva sjølvkostresultatet for det enkelte år vil bli. Dei viktigaste faktorane er budsjettårets forventa kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), gjennomføringsevne på planlagde prosjekter (kapasitetsavgrensingar internt og eksternt), samt (uventa) inntekter frå nye abonnentar eller brukarar. I sum fører dette til at det er utfordrande å treffe med budsjettet.

Kalkylerenta er for 2018 anslått å være 1,88 %. Lønnsvekst frå 2017 til 2018 er satt til 2,70 % medan generell prisvekst er satt til 2,50 %. Budsjettet er utarbeida den 25. september 2017. Talla for 2016 er prognoserte verdiar og ikkje tall frå budsjettet. Tallene for 2018 til 2021 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterligare grunnlagstall og berekningsmetodar vert det vist til kommunens sjølvkostmodell «Momentum Selvkost Kommune».


## 9.5 Gebyrutvikling for vatn, avløp, renovasjon og slam (VARS)

Frå 2017 til 2018 foreslår administrasjonen ei samla gebyrauke på rundt 1 % for å dekke kommunen sine kostnadar på områda vatn, avløp, renovasjon og slamtømming.

Gebyret for slamtømming aukar mest med ca 5 %, medan gebyret for renovasjon haldast uendra. I perioden 2016 til 2021 aukar samla gebyr for vatn, avløp og renovasjon med kr 2 886,-, frå kr 12 806,- i 2016 til kr 14 954,- i 2021. Dette tilsvasar ein gjennomsnittleg årlig gebyrauke på 4 %. I

stolpediagramma under er gebyret for vatn og avløp basert på eit årleg målt forbruk på 140 kubikkmeter vatn.

Slamgebyret er basert på tømming av ein 4,5 m<sup>3</sup> stor slamavskiljar for eit bustadhus. Gebrysatsane er inkl. mva. Det vert elles vist til eige pkt. «Kommunale gebyrer – Budsjett 2018».



## 10 GEBYR OG KOMMUNALE AVGIFTER

### 10.1 Slamgebyr

<b>Gebrysatsar slam</b>					
<b>A. Tømming av tette tankar/slamavskillere for heilårsbebyggelse:</b>					
Type	Tank storleik (m³)	Sum pr tømming 2017	Sum pr tømming 2018	Sum pr år 2018	
Eigedomar med tett tank	0 - 5,0	1 970	2 068	2068	Tette tankar tømmast kvarter. Slamavskiljarar for bustadar tømmast annakvart år medan slamavskiljarar for fritidsbustadar tømmast kvart fjerde år. Fakturering av gebyr vert gjort årlig.
Eigedomar med tett tank	5,0 - 10,0	3 331	3 497	3497	
Eigedomar med slamavskiller	0 - 4,5	2 280	1 197	599	
Eigedomar med slamavskiller	4,5 - 8,0	3 296	1 730	865	
Eigedomar med slamavskiller	8,0 - 12,0	5 222	2 741	1371	
<b>B. Tømming av tette tankar/slamavskillere for fritidsbebyggelse:</b>					
Type	Tank storleik (m³)	Sum pr tømming 2017	Sum pr tømming 2018	Sum pr år 2018	
Eigedomar med tett tank	0 - 5,0	2 270	2 270	2383	
Eigedomar med tett tank	5,0 - 10,0	3 589	3 589	3768	
Eigedomar med slamavskiller	0 - 2,5	1 724	1 808	452	
Eigedomar med slamavskiller	2,5 - 6,0	2 516	2 640	660	
Eigedomar med slamavskiller	6,0 - 10,0	3 800	3 992	998	
Eigedomar med slamavskiller	10,0 - 12,0	3 880	4 072	1018	
<b>C. Behandlingsgebyr - slam levert direkte til kommunalt renseanlegg</b>					
Levert slam fra tette tankar ved ordinær- og ekstra tømming:	100 kr/m³	200 kr/m³			
Levert slam fra slamavskiljarar ved nødtømming:	100 kr/m³	200 kr/m³			
<b>D. Tillegg ved traktortømming</b>					
Dersom det ved tømming av slamavskiller/tette tankar må nyttast traktor/spesialbil for å få tanken tømt, skal det betalast eit gebyr pr tømming i tillegg til dei vanlige satsane.	1500	1575			

### 10.2 Renovasjon, vatn- og avløpsgebyr

Gebrysatsar - renovasjon	Kommunens utgifter til HR	2017	2018	%- vis utvikling
Sats abonnentar hushaldning m/sekkerenovasjon	2326	2446	2446	0,0
Sats abonnentar hushaldning m/container	1716	1876	1876	0,0
Sats abonnentar fritidsbustad normal sats (med straum)	1202	1394	1394	0,0

Hushaldningar med sekkerenovasjon som komposterer organisk avfall kan få 25 % reduksjon av gebyret. Føresetnaden er at dei kan dokumentere at dei har gjennomført komposteringsskurs som på førehånd er godkjent av kommunen

Tilleggsgebyr der avstand mellom hentested og dunk overstiger 5 meter: 250 kr/år

**Gebyrer vatr**

	Gebyr 2017	Gebyr 2018	Endring i kr	Endring i %
Variabel del (kr m³)	11,79	12,88	1,09	9,25

Fastledd	Gebyr 2017	Gebyr 2018	Endring i kr
Fastledd bolig	561	458	-103
Abonnenter - 0 - 200 m³	785	641	-144
Abonnenter - 201 - 400 m³	1 290	1 053	-237
Abonnenter - 401 - 500 m³	1 795	1 466	-329
Abonnenter - 501 - 1000 m³	2 805	2 290	-515
Abonnenter - 1001 - 5000 m³	7 854	6 412	-1 442
Abonnenter - 5001 - 10000 m³	15 708	12 824	-2 884
Abonnenter > 10001 m³	28 050	22 900	-5 150

**Gebyrer avløp**

	Gebyr 2017	Gebyr 2018	Endring i kr	Endring i %
Variabel del (kr m³)	22,31	23,89	1,58	7,08

Fastledd	Gebyr 2017	Gebyr 2018	Endring i kr
Fastledd bolig	1 366	1 100	-266
Abonnenter - 0 - 200 m³	1 776	1 430	-346
Abonnenter - 201 - 400 m³	3 142	2 530	-612
Abonnenter - 401 - 500 m³	4 371	3 520	-851
Abonnenter - 501 - 1000 m³	6 830	5 500	-1 330
Abonnenter - 1001 - 5000 m³	19 124	15 400	-3 724
Abonnenter - 5001 - 10000 m³	44 122	35 530	-8 592
Abonnenter > 10001 m³	59 585	47 982	-11 603

Tilknytingsgebyra vert berekna i forhold til bygningens storlek i tråd med reglane i NS 3940 for bruksareal\*

\*Frittstående garasje uten innlagt vann eller avløp koblet til kommunalt avløpsnett inngår ikke i beregningsgrunnlaget for BRA i dette tilfellet. Det samme gjelder utvendig bod eller garasje som henger sammen med boligen/fritidsboligen, men som kun har utvendig inngang.

Ved tilknyting av bygg som overskider 250 m² BRA, og som består av fleire bueiningar skal det reknast tilknytingsgebyr pr. bueining etter areal.  
Med bueining forstås bustad med eit eller fleire rom med separat inngang, samt eige bad/wc og kjøkkendel.

**1. Tilknytningsavgift bustad**

	<120m <sup>2</sup> BRA	121-180m <sup>2</sup> BRA	181-250m <sup>2</sup> BRA	>250m <sup>2</sup> BRA
<b>Vatn</b>	11463	13 100	14 738	16 375
<b>Avløp</b>	16 375	18 714	21 053	23 393

Ingen endring fra 2017

**2. Tilknytningsavgift fritidsbustader.**

	Fritidsbusta der
<b>VATN</b>	179 pr. m <sup>2</sup> BRA
<b>AVLØP</b>	264 pr. m <sup>2</sup>

Ingen endring fra  
2017**3. Næringsverksemd og industri.**

	Overnatting s- verksemder, areal som er knytt til overnatting	Forretningsareal* samt anna areal i reiselivsverksemde r	Industri og anna verksemd
<b>Vatn</b>	179 pr. m <sup>2</sup> BRA	91 pr. m <sup>2</sup> BRA	50 pr. m <sup>2</sup>
<b>Avløp</b>	264 pr. m <sup>2</sup>	133 pr. m <sup>2</sup> BRA	74 pr. m <sup>2</sup>

Ingen endring fra  
2017

**Pressisering:** Omfattar areal direkte knytta til kjøp og sal av varer /areal som kunden oppholder seg på. Omfatter imedan ikkje lager, lasteramper mv. Sistnevnte inngår i klassen "Industri og anna verksemd".

**4. Mellombelse tilknytningar**

For mellombelse bygg og brakker bereknast tilknytningsgebyr som følgjer:

- a) For 0 - 1 år rekna 25% av full gebyr
- b) For 1 - 2 år rekna 50% av full gebyr
- c) For 2 - 3 år rekna 75% av full gebyr
- d) For meir en 3 år rekna 100% av full gebyr

**5. Gebrysats for tilknytning som ikkje er godkjent**

For eksisterande bygg med tilknyting som ikkje er godkjend, betalast tilknytningsgebyr etter gjeldane sats på det tidspunkt kravet vert satt fram.

**6. Gebrysats for tilbygg/ påbygg av eksisterande bygg**

Ved tilbygg eller påbygg som medfører at eit bygg går frå ein arealklasse til ein annan, og arealet på tilbygget eller påbygget er minimum 30 m<sup>2</sup> BRA, skal differansen i kroner mellom dei to arealklassene betalast.

**7. Leige av vassmåler og avlesning av vassmålar**

Leige av kommunal vassmålar: kr. 100 / år. Abonnenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Unnlet abonnenten å lese av målaren, kan kommunen fastsette årsgebyret skjønnmessig etter purring. Kommunen kan sjølv lese av målar utan ytterligare varsel til abonnenten. Der kommunen leser av målaren vert det kravd eit gebyr på kr 800,-.

«Administrasjonsgebyr vassmålar»; Der kommunen ikkje mottek vassmålarkort/vassmålaravlesning trass to ordinære purringar, tek kommunen eit administrasjonsgebyr på kr 300,-.

**25% mva kjem i tillegg til desse prisane!**

### 10.3 Gebyr for kart- og oppmålingstenester (Matrikkel- og eigarseksjoneringslova)

Gebyr for forvaltningsoppgaver etter matrikkelloven gjeldende fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Oppretting av matrikkelenhet (Gjelder også uten fullført oppmålingsforretning)</b>			
<b>Opprettning av grunneiendom</b>			
Areal fra 0–250 m <sup>2</sup>	5 279 kr	5 280 kr	5 150,00
Areal fra 251–500 m <sup>2</sup>	10 558 kr	10 560 kr	10 300,00
Areal fra 501–2000 m <sup>2</sup>	15 836 kr	15 840 kr	15 450,00
Areal fra 2001 m <sup>2</sup> –økning pr. påbegynt da	1 107 kr	1 110 kr	1 080,00
Fradeling av 5 eller flere parsseller i samme forretning betales pr parsell og som er omfatta av same reg. plan skal det betalast 80% av gebryr 4.1.1.c. per parsell frå første parsell. Der det er klart urimeleg, skal det likevel ved areal i uregulerte område kunne betalast etter medgått tid.			
<b>Matrikulering av eksisterende umatrikulert grunn/ frå punktfeste til festegrunn eller grunneiendom</b>			
Areal fra 0–250 m <sup>2</sup>	7 841 kr	7 840 kr	7 650,00
Areal fra 251–500 m <sup>2</sup>	12 546 kr	12 550 kr	12 240,00
Areal fra 501–2000 m <sup>2</sup>	18 788 kr	18 790 kr	18 330,00
Areal fra 2001 m <sup>2</sup> –økning pr. påbegynt da	1 107 kr	1 110 kr	1 080,00
<b>Oppmåling av tilleggsareal - grunn til eierseksjon (pr. sak)</b>			
Samlet areal fra 0–50 m <sup>2</sup>	7 841 kr	7 840 kr	7 650,00
Samlet areal fra 51–250 m <sup>2</sup>	9 410 kr	9 410 kr	9 180,00
Samlet areal fra 251–2000 m <sup>2</sup>	10 957 kr	10 960 kr	10 690,00
Samlet areal fra 2001 m <sup>2</sup> –økning pr. påbegynt da	789 kr	790 kr	770,00
<b>Opprettning av anleggseiendom</b>			
Volum fra 0–2000 m <sup>3</sup>	7 841 kr	7 840 kr	7 650,00
Volum fra 2001 m <sup>3</sup> –økning pr. påbegynt 1000m <sup>3</sup>	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
<b>Registrering av jordsameie</b>			
Gebryr for registrering av eksisterende jordsameie faktureres etter medgått tid. Minstegebryr	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
<b>Matrikkelføring av ommatrikkulering/ innløysning av festegrunn</b>	2 809 kr	2 810 kr	2 740,00
<b>Grensejustering</b>			
<b>Grunneiendom, festegrunn og jordsameie</b>			
Areal frå 0-75 m <sup>2</sup>	1 056 kr	1 060 kr	1 030,00
Areal fra 76–250 m <sup>2</sup>	4 582 kr	4 580 kr	4 470,00
Areal fra 251–500 m <sup>2</sup>	7 616 kr	7 620 kr	7 430,00
<b>Anleggseiendom</b>			
Volum fra 0–250 m <sup>3</sup>	4 715 kr	4 720 kr	4 600,00
Volum fra 251–1000 m <sup>3</sup>	7 841 kr	7 840 kr	7 650,00
<b>Arealoverføring</b>			
<b>Grunneiendom, festegrunn og jordsameie</b>			
Areal fra 0–250 m <sup>2</sup>	15 672 kr	15 670 kr	15 290,00
Areal fra 251–500 m <sup>2</sup>	18 788 kr	18 790 kr	18 330,00
Arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m <sup>2</sup> medfører en økning av gebryret på	4 715 kr	4 720 kr	4 600,00

Gebyr for forvaltningsoppgaver etter matrikkelloven	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Klarlegging av eksisterende grense der grensen tidligere er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning</b>			
For inntil 1 punkter	1 087 kr	1 090 kr	1 060,00
For overskytende grensepunkter, pr. punkt	769 kr	770 kr	750,00
<b>Klarlegging av eksisterende grense der grensen ikke tidligere er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter</b>			
Pr. påvist eller rekonstruert grensepkt.	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
Gebyr for klarlegging av rettigheter faktureres etter medgått tid jfr. pkt. 2 i kommunalt gebyrregulativ			
<b>Privat grenseavtale</b>			
Gebyr fastsettes etter medgått tid pr. t	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
<b>Timepris for medgått tid/ t</b>			
Feltarbeid	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
Kontorarbeid	1 199 kr	1 200 kr	1 170,00
<b>Utstedelse av matrikkelbrev</b>			
Matrikkelbrev inntil 10 sider	297 kr	300 kr	290,00
Matrikkelbrev over 10 sider	574 kr	570 kr	560,00
<b>Eierseksjonering eller reseksjonering</b>			
Alt arbeid vert gjort etter medgått tid jfr. Forskriftsendring fra 1. januar 2018			
Feltarbeid	1 568 kr	1 570 kr	1 530,00
Kontorarbeid	1 199 kr	1 200 kr	1 170,00

## 10.4 Gebyr for plan- og byggesaksbehandling (Plan og bygningslova)

Planbehandling. Gebyr med virkning fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Detaljregulering pbl § 12-3</b>			
Oppstartsmøte med representant frå adm	5 422 kr	5 420 kr	5 290 kr
Basisgebyr for handsaming av nye planer fram til 1. gongs handsaming	72 570 kr	72 570 kr	70 800 kr
Enkel plan	95 653 kr	95 650 kr	93 320 kr
Samansett plan	122 026 kr	122 030 kr	119 050 kr
Komplisert plan			
<b>Planførespurnad - planavklaring etter §12-8</b>	13 048 kr	13 050 kr	12 730 kr
<b>Dispensasjoner etter pbl § 19</b>			
Fra kommuneplan, reg.plan, eller forskrifter der saken må sendes til ekstern	18 001 kr	18 000 kr	16 430 kr
I saker som ikke skal på ekstern høring NB. pr dispensasjonsforhold.	13 504 kr	13 500 kr	6 820 kr
"Kurrante" dispensasjoner i byggesaksbehandling	3 495 kr	3 500 kr	3 410 kr
<b>Konsekvensutredning pbl Kap 4, §4-2 og kap 14</b>			
Behandling av konsekvensutredning skal betalast etter medgått tid.	5 863 kr	5 860 kr	5 720 kr
Minstegebyret er			

Byggesaker. Priser gjeldende fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Førehandskonferanse (plbl §20-1a)</b>			
Søknadssak - middels tung sak (tiltaksklasse 2)	1 445 kr	1 450 kr	1 410 kr
Søknadssak - komplisert sak (tiltaksklasse 3)	2 214 kr	2 210 kr	2 160 kr
<b>Søknader utan krav til ansvarsrett § 20-4</b>			
a) mindre tiltak på bebygd eiendom	5 540 kr	5 540 kr	5 540 kr
b) alminnelig driftsbygning i landbruket over 250 kvm	8 508 kr	8 510 kr	8 300 kr
c) Mindre byggearbeid på bebygde eigedommer frå 0-15 kvm	3 424 kr	3 420 kr	3 340 kr
<b>Lokal godkjenning av foretak for ansvarsrett § 22-3</b>			
1. gongs godkjenning samt utvidig av godkjenningsområde	2 573 kr	2 570 kr	2 510 kr
Godkjenning av føretak som har lokal godkjenning	349 kr	350 kr	340 kr
<b>Søknadspliktige tiltak pbl §20-1</b>			
<b>Deling § 20-1 bokstav m</b>			
Deling av eiendom eller bortfeste for mer enn 10 år når søknaden er i samsvar med bebyggelses- eller reguleringsplan	1 271 kr	1 270 kr	1 240 kr
Uregulerte områder eller der grenser ikkje er fastsett i plan	2 604 kr	2 600 kr	2 540 kr
Deling av eigedom som ikke er i samsvar med reg. plan må håndsamast som disp			
<b>Bustadbygging og fritidsbustad for første bueining</b>			
Nybygg bustad	13 146 kr	13 150 kr	12 150 kr
Nybygg fritidsbustad	16 298 kr	16 300 kr	15 900 kr
Nybygg fritidsbustader over 250 kvm		21 500 kr	
Tilbygg over 50 kvm	7 288 kr	7 290 kr	7 110 kr
Tilbygg under 50 kvm	5 839 kr	5 840 kr	5 840 kr
<b>Søknadspliktige småhus (garasje, uthus og annekts)</b>			
Nybygg	6 406 kr	6 410 kr	6 250 kr
Anneks	5 832 kr	5 830 kr	5 690 kr
<b>Andre bygninger, nybygg og tilbygg</b>			
BRA inntil 100 kvm	9 686 kr	9 690 kr	9 450 kr
Tillegg pr. påbegynt 100 kvm BRA	2 573 kr	2 570 kr	2 510 kr
<b>Andre bygninger, nybygg og tilbygg</b>			
Midlertidig/transportabel: bygning eller konstruksjon (plbl § 20-1 bokstav a):	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Fasadeendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav b) og c):	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Bruksendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav d):	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (plbl § 20-1 bokstav e):	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Oppdeling eller samanslåing av brukseining (plbl § 20-1 bokstav g):	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretning (plbl § 20-1 bokstav h) og i):	1 199 kr	1 200 kr	1 170 kr
Vesentlege terrenginngrep, veg/p-plass (plbl § 20-1 bokstav k). Minstegebyr:	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Bygging av veg til enkelttomt	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
Bygging av veg til hyttefelt		11 000 kr	

Byggesaker. Priser gjeldende fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Endringar i høve til gitt løyve eller registrert melding</b> For endringsforslag skal det betalast gebyr etter medgått tid	1 199 kr	1 200 kr	1 170 kr
<b>Handsaming av avvik</b> For handsaming av avik er gebyret pr. handsama avik	3 249 kr	3 250 kr	3 170 kr
<b>Midlertidig bruksløyve</b> Søknad om midlertidig bruksløyve og søknad om forlenging av dette: Purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av midlertidig bruksløyve:	1 199 kr 1 199 kr	1 200 kr 1 200 kr	1 170 kr 1 170 kr
<b>Refusjonssaker (kap 18)</b> Planbehandling og refusjonsvedtak §18-8 - etter medgått tid/ utgift til kunnig hjelp: Minstegebyr Kostnadskontroll §18-9 -- etter medgått tid/ utgift til kunnig hjelp. Minstegebyr	5 156 kr 5 156 kr	5 160 kr 5 160 kr	5 030 kr 5 030 kr
<b>Overtredelsesgebyr (straffegebyr) jfr. pbl § 32-8, §§ 16-1, 16-2</b> Foretak kan ildges overtredelsesgebyr inntil angitte beløpsgrenser for forsettlig eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Det vert vist til gebyrsatsar heimla direkte i lova.			

Byggesaksbehandling. Priser gjeldende fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
Situasjonskart - kopi av plott av kart i format større enn A3	174 kr	170 kr	170 kr
Digitale kartunderlag - minstepris - regulert gjennom GEOFEST- samarbeid	441 kr	440 kr	430 kr
Timepris feltarbeid (einskildperson) inkl reise. Grunnlag ved tilsyn t.d. næringsavfall Timepris - (grunnlag etter medgått tid)	1 404 kr 1 199 kr	1 400 kr 1 200 kr	1 370 kr 1 170 kr

## 10.5 Gebyr for feiring

Feiegebyr eks. mva	Gebrysats 2017	Gebrysats 2018
Fast gebyr (tilsynsavgift)- pr. budstadhus	320	0
Feiesats pr. pipe	447	450
Pipe nr. 2 (same bygg) pr. pipe	223	225
Timesats pr. påbegynt time	643	650
Tilsynsgebyr pr. tilsyn	0	1280

Det er ein endring der me fakturerar for hele gebyret ved tilsyn framfor å fordele dette over fire år.

## 10.6 Gebyr etter forureningslova

Mindre avløpsanlegg. Gebyr med virkning fra 1/1-2018	Grunnlag før	2018	2017
<b>Søknad om utslippstillatelse</b>			
Anlegg der utslippet er kalkulert til < 15 pe	7 667 kr	7 670 kr	7 480 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 15 – 99 pe	21 648 kr	21 650 kr	21 120 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 100 – 999 pe	42 005 kr	42 000 kr	40 980 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 1000-2000 pe	62 371 kr	62 370 kr	60 850 kr
<b>Søknad om omgjøring av utslippstillatelse</b>			
Anlegg der utslippet er kalkulert til < 15 pe	3 823 kr	3 820 kr	3 730 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 15 – 99 pe	11 470 kr	11 470 kr	11 190 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 100 – 999 pe	21 648 kr	21 650 kr	21 120 kr
Anlegg der utslippet er kalkulert til mellom 1000-2000 pe	31 826 kr	31 830 kr	31 050 kr
<b>Utslepp som ikkje er godkjent, eller eldre anlegg som krev utbetring</b>			
<i>Behandling for merarbeid</i>			
Timesats	1 281 kr	1 280 kr	1 250 kr
Minstegebyr	11 470 kr	11 470 kr	11 190 kr
<b>Kontrollgebyr / tilsynsgebyr</b>			
Der kommunen gjennomfører kontroll/tilsyn vert det kravd eit kontrollgebyr. Kontrollen omfattar befering, tilsyn og vurdering av anlegget ifht funksjon, gjeldande lover, og forskrifter. Kontrollen vert gjennomført i samsvar med forureiningslova §§ 48-51 og 7 fjerde ledd.			
Timesats (Kontrollgebyret vert rekna etter medgått tid)	1 281 kr	1 280 kr	1 250 kr

## 10.7 Gebyr for andre tenester hjå teknisk etat

Eiendomsoppgaver. Gebyr med virkning fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
Salgsoppgave til eiendomsmeglere, pr oppgave	3 700 kr	3 700 kr	3 610 kr
<b>Attestar og tenester som skal betalast etter medgått tid</b>	Grunnlag før avrunding	2018	2017
For registerutskrift, ekstra protokollutskrift, for attest o.l. der alle relevante opplysningar er tilgjengelege ved kontoret:	615 kr	620 kr	600 kr
For attest m.v. som krev synfaring eller skriftleg innhenting av data:	2 419 kr	2 420 kr	2 360 kr
For register- eller protokollutskrift og attest som krev meir enn eit halvt timeverk, kan kommunen krevja gebyr etter medgått tid.			
<b>Andre tenester</b>	Grunnlag før avrunding	2018	2017
Utleige av Tineapparat pr. time inklmann eks mva	892 kr	890 kr	870 kr

Honorar for andre oppgåver. Gebyr med virkning fra 1/1-2018	Grunnlag før avrunding	2018	2017
<b>Honorar for teknisk planlegging i landbruket - etter medgått tid</b>			
Kontorarbeid - pr. time	1 240 kr	1 240 kr	1 210 kr
Feltarbeid einskildperson - inkl reise	1 445 kr	1 450 kr	1 410 kr

**FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011**

Kommunen skal krevja gebyr etter reglane i forskrifta for følgjande saker:

Søknader om konsesjon (ervervsløype) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3.

Søknader om delingsløype etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Kommentar:

*Det betales et gebyr på kr. 5.000,- for behandling av konsesjonssaker og kr. 2000,- for behandling av delingssaker etter jordlova.*

*Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve til prinsipp om sjølvkost, kan rådmannen eller den som han/ha gjev fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr, jfr. kommunal gebyrforskrift pkt. 1.4.*

## 10.8 Brukarbetaling – Helse- og omsorg

### Heimebasert omsorg

Betalingsatser for heimebasert omsorg	Pr time		Maks pr mnd	
	2018	2017	2018	2017
<b>Husstandens inntekt pr år</b>				
Mindre enn 2 G <sup>1)</sup>	200 kr	200 kr	200 kr	200 kr
2 - 3 G	207 kr	202 kr	659 kr	640 kr
3 -5 G	249 kr	243 kr	1 688 kr	1 639 kr
Over 5 G	285 kr	278 kr	2 578 kr	2 503 kr

<sup>1)</sup> G= grunnbeløp i folketrygda. Den blir justert den 01. mai kvart år. Grunnbeløpet pr 1/5-2017 er 93 634 kr.

Dette omfattar heimehjelp og miljørarbeid/burettleiling. For heimesjukepleie blir det berre kravd eigenbetaling når heimesjukepleiar utførar heimehjelpsarbeid, miljørarbeid og burettleiling.

Satsane blir regulert i samsvar med FOR 2011-12-16 nr 1349: Forskrift om kommunal egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester og rundskriv frå helse- og omsorgsdepartementet.

Tilkjørt middag.	2018	2017
Middag	72 kr	70 kr

Betaling for opphold - Bygdaheimen

Betaling for opphold - Bygdaheimen	2018	2017
Korttidplass i institusjon- døgnpass	155 kr	155 kr
Dag- og nattopphold i institusjon	80 kr	80 kr
Avlastningsopphold	gratis	gratis
Fritak før utrekning av vederlag	8 000 kr	8 000 kr

Satsane vil bli justert i samsvar med statlege føringer. Justeringen kjem i desember

Betaling for opphold - Bygdaheimen

Betaling for opphold - Bygdaheimen	2018	2017
Middag	72 kr	70 kr
Andre måltider	34 kr	33 kr
Heilpensjon	112 kr	109 kr

<sup>1)</sup> Desse vil bli justert i samsvar med statlege føringer. Justeringen kjem i desember

Tryggleksalarm

Tryggleksalarm	2018	2017
Tryggleksalarm- analog	213 kr	208 kr
Tryggleksalarm- mobil	256 kr	250 kr
Andre tilleggsfunksjonar, røykvarslar	51 kr	50 kr

Brukaren må dekke utgifter til installering og abonnement av analog line eller mobilabonnement. Teljarskritt for alarm og sjølvtesting kjem på den enkelte si telefonrekning.

Brukaren må betale kostnader for leige av tilleggsapplikasjoner

Brukaren må skaffe ekstra nøkkel og godta at det blir installert nøkkelsboks på huset.

Rekning blir sendt kvartalsvis.

Når tenesta blir tildelt etter Lov om helse og omsorgstenester gjeld kommunen satsar for eigenbetaling

Dagsenter

Dagsenter - måltid	2018	2017
Middag	72 kr	70 kr
Varm lunsj	36 kr	35 kr
Brødmåltid	26 kr	25 kr
Kaffe/Te (Det som kjem utanom måltid)	21 kr	20 kr

Brukarene må i tillegg betale for deltagning på enkelte turar og aktivitetar. Deltaking er frivillig.

Fysioterapiteneste

Takstar i samsvar med gjeldande forskrifter

Legeteneste

Takstar i samsvar med gjeldande forskrifter og tariff.

<u>Frisklivsentral</u>			
<u>Friskliv</u>		2018	2017
Eigenbetaling for resept pr kvartal		354 kr	345 kr
Eigentrening i treningsrom fysioterapi, pr månad *		113 kr	110 kr
Eigenbetaling for frisklivsaktivitetar, klippekort 10 gonger		513 kr	500 kr
Tap av nøkkelkort		210 kr	205 kr
Eigenbetaling gjeld deltaking i deltaking i treningsopplegg i regi av Friskliv og bruk av treningsrom			
Eigenbetaling for deltaking av frisklivsaktivitetar går til leige av lokaler, vedlikehald og reparasjon av utstyr.			
For å bruke treningsrom til eigentrening skal det vera inngått ei eigen treningsavtale.			
<u>Helsestasjon</u>			
Takstar i samsvar med gjeldande forskrifter og tariff.			

## 10.9 Brukarbetaling – Oppvekst

Betingssatsar barn og unge gjeldende fra 1/1-2018	2017		2018	
	Sats	Kostpengar	Sats	Kostpengar
<b>Skulefritidsordning (SFO) per månad</b>				
Full plass	2504	-	2567 kr	-
1 dag/veke før- etter skulen	501kr	-	513 kr	-
2 dagar/veke før- etter skulen	1001 kr	-	1026 kr	-
3 dagar/veke før- etter skulen	1503 kr	-	1540 kr	-
4 dagar/veke før- etter skulen	2003 kr	-	2053 kr	-
Morgon-SFO	557 kr	-	571 kr	-
<b>Kjøp av dag</b>				
Pris per dag i feriar utanom skuleruta	264 kr	-	256 kr	-
Pris per dag i feriar for dei som ikkje har ordinær plass	295 kr	-	286 kr	-
Pris per dag før og etter skuletid	132 kr	-	128 kr	-
Pris per dag før og etter skuletid for dei som ikkje har ordinær plass	147 kr	-	143 kr	-
Søskensmoderasjon 30% på den rimelegaste plassen frå og med barn nr. 2	30 %			
Gebyr ved for sein henting	250 kr		260 kr	
<b>Hemsedal kulturskule</b>				
Semesteravgift	1339 kr	-	1372 kr	-
Instrumentleige per semester	250 kr	-	260 kr	-
Søskensmoderasjon	25 %	-	25 %	-
Moderasjon ved fleire aktivitetar	25 %	-	25 %	-

Betingssatsar barn og unge gjeldende fra 1/1-2018	2017		2018	
	Sats	Kostpengar	Sats	Kostpengar
5 dagars plass, per månad				
Kostpengar 5 dagar Ulsåk 1	2730 kr		2910 kr	
Kostpengar 5 dagar Ulsåk 2		320 kr		328 kr
Kostpengar 5 dagar Tuv		310 kr		318 kr
4 dagars plass, per månad		360 kr		369 kr
Kostpengar 4 dagar Ulsåk 1	2450 kr		2600 kr	
Kostpengar 4 dagar Ulsåk 2		265 kr		272 kr
Kostpengar 4 dagar Tuv		250 kr		256 kr
3 dagars plass, per månad		280 kr		287 kr
Kostpengar 3 dagar Ulsåk 1	1950 kr		2100 kr	
Kostpengar 3 dagar Ulsåk 2		200 kr		205 kr
Kostpengar 3 dagar Tuv		185 kr		190 kr
2 dagars plass, per månad		210 kr		215 kr
Kostpengar 2 dagar Ulsåk 1	1500 kr		1650 kr	
Kostpengar 2 dagar Ulsåk 2		125 kr		128 kr
Kostpengar 2 dagar Tuv		135 kr		138 kr
Kjøp av dag		145 kr		149 kr
Søskensmoderasjon 30% ved barn nr. 2	300 kr	-	308 kr	-
Søskensmoderasjon 50% ved barn nr. 3	30,00 %	-	30,00 %	-
Gebyr ved sein henting	50,00 %	-	50,00 %	-
	250 kr	-	260 kr	-